

***GJENNOMGANG AV ØKONOMISTYRING  
BUDSJETTKONTROLL OG ØKONOMIRAPPORTERING I  
SYKKYLVEN KOMMUNE – 2008***

Rapport frå kontrollutvalet i Sykkylven kommune

*15. juni 2009*

# Innhold

<b>BAKGRUNN FOR SAKA.....</b>	<b>1</b>
<b>REGLEMENT M.M.....</b>	<b>3</b>
LOV OG FORSKRIFT M.M.....	3
ØKONOMIREGLEMENTET .....	4
PRINSIPP FOR STYRING OG KONTROLL.....	5
VURDERINGSKRITERIAR.....	6
AVGRENSING AV UNDERSØKINGA .....	6
<b>FAKTA .....</b>	<b>7</b>
ØKONOMISKE AVVIK.....	7
OM BUDSJETTET FOR 2008.....	7
ØKONOMIRAPPORTERING.....	9
<i>Økonomirapportering pr. april 2008.....</i>	9
<i>Økonomirapporteringa pr. mai 2008.....</i>	9
<i>Økonomirapporteringa pr. september 2008.....</i>	9
INNHENTA OPPLYSNINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN .....	10
<i>Rådmannen (tidlegare) sitt brev av 21.04.2009 .....</i>	10
<i>Rådmannen (noverande) sitt notat av 30.03.2009 .....</i>	10
<i>Brev frå rådmannsteamet datert 08.05.2009 .....</i>	11
<i>Brev frå einingane .....</i>	11
<b>VURDERINGAR .....</b>	<b>13</b>
PUNKT 1 I KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK .....	13
<i>Rekneskapstal m.m.....</i>	13
<i>Økonomirapportane.....</i>	14
<i>Realisme og balansekrav i budsjettet.....</i>	15
<i>Budsjettkontroll.....</i>	16
TILTAK SOM BØR SETTAST I VERK, PUNKT 2 I KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK .....	16
<i>Utforming av økonomirapportane.....</i>	16
<i>Budsjettrettunar.....</i>	16
<i>Organisering.....</i>	17
<b>RÅDMANNEN SITT HØYRINGSSVAR AV 08.06.2009 .....</b>	<b>19</b>
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>21</b>

## **SAMANDRAG**

Undersøkinga viser at mangelfull økonomisk styring og kontroll har medverka til fjoråret sitt rekneskapsmessige underskot i Sykkylven kommune på vel 21 mill. kroner og at informasjonen om dette kom først fram etter at det var for seint å gjere noko med det. Informasjonen kom som ei overrasking i 2009.

Administrasjonen har ikkje har vore i stand til å gjennomføre god nok økonomisk rapportering og budsjettmessig analyse og det har dermed vore mangelfull oversikt over ressursbruk og økonomiske rammer. Sviktande føresetnader i budsjettet for 2008, jf det som er nemnt side 15 har ført til overbudsjettering. Kommunelova sine krav om realisme og bindande verknad har dermed ikkje blitt oppfylt. Intensjonane i kommunen sitt økonomireglement er heller ikkje oppfylt.

Av ”økonomisk oversikt drift” i rekneskapsdokumentet går det fram at sum driftsinntekter er om lag 16 mill. kroner høgare enn budsjettert og at sum driftsutgifter er om lag 29 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Økonomirapportane som vart lagt fram for dei folkevalde var ikkje gode nok og ga ikkje svar på den økonomiske situasjonen kommunen var i. I tillegg til dette, fekk ikkje formannskapet månadlege rapportar slik som m.a. økonomireglementet krev.

Enkelte einingar meiner dei ikkje hadde motteke budsjett for 2008 før i april 2008 og var dermed utan styringsreiskap i fleire månader.

I Sykkylven kommune er rekneskap og overordna økonomiarbeid delt på fleire personar og avdelingar og kommunen har ikkje stilling som økonomisjef. Det har til og med blitt antyda at det er uklart korleis arbeidsoppgåvane faktisk er fordelt. Organisasjonsmodellen viser at økonomi ligg hos rådmannsteamet. Tidlegare rådmann nemner i sitt brev av 21.04.2009 til kontrollutvalet kven han har tildelt oppgåver innan økonomiområdet. Toppleiinga i kommunen har hatt fokus på plassering av skuld.

Økonomi er eit eige fag. Det overordna rekneskaps- og økonomiarbeidet bør derfor samlast i eit eige fagmiljø.

Kommunen må bygge opp rutinar som tek omsyn til gode prinsipp for styring og kontroll. Her nemner ein kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollhandlingar, informasjon, kommunikasjon og overvakning som internkontrollkomponentar som må vere på plass. Intern kontroll må settast på dagsordenen av dei styrande organa i kommunen, samt leiing og tilsette.

Sykkylven kommune må ta ein grundig gjennomgang av drifta si og vurdere økonomien si berekraft til å finansiere det kommunale tenestetilbodet. Dei to siste åra har netto driftsresultat årleg svekka seg i gjennomsnitt med over 20 mill. kroner. Utviklinga i 2009 må bli overvaka.



## **BAKGRUNN FOR SAKA**

Sykylven kommune har lagt fram rekneskap for 2008 med eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på vel 21 mill. kroner.

I kommunestyremøte 16.02.2009 vart det gitt ei orientering om rekneskap 2008. Temaet var ikkje oppe som sak.

Den 9. mars 2009 i sak 08/09 gjorde Sykylven kontrollutval følgjande samrøystes vedtak:

1. *Kontrollutvalet ser med stor uro på den økonomiske situasjonen til Sykylven kommune med eit rekneskapsmessig meirforbruk på vel 21 mill. kroner.*
2. *Kontrollutvalet ber rådmannen sjå til at det blir etablert rutinar for økonomistyring og retningslinjer for ansvar. Økonomirapporteringa må ha ei form som inneber framstilling av budsjettkjema 1A, 1B, 2A og 2B i samsvar med budsjettforskriftene.*
3. *Kontrollutvalet konstaterer at det no blir laga månadlege oversiktar til formannskap og utval over utviklinga i økonomien og informasjon til kommunestyret kvartalsvis.*
4. *Kontrollutvalet ber om at det også blir lagt inn eit eige punkt i rapporteringa med vurdering av behov for å sette i verk tiltak, jf budsjettforskriftene.*

Kontrollutvalet har to gongar behandla kommunen sine økonomirapportar i 2008. Dette var i møte 02.09.2008 sak 21/08 og 07.11.2008 sak 26/08.

Ovannemnde vedtak vart førelagt kommunestyret, som den 23.03.2009 i sak PS 12/09 gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret ber kontrollutvalet granske rekneskap og bakgrunn for meirforbruket for året 2008.*
2. *Vidare ønskjer ein spesielt at det vert fokusert på kva rutinar og tiltak ein ønskjer å iverksette for å unngå å komme i liknande situasjon i framtida.*
3. *Kommunestyret ber om å få tilsendt same økonomiske rapportar som formannskapet får.*
4. *Rapport blir lagt fram for kommunestyret snarast råd. Sykylven kommunestyre ber administrasjonen gjennomgå alle overskridingane i rekneskapen for 2008, som viser eit meirforbruk på 21 millionar kroner, og gje desse referansar til sak og område.*

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak har kontrollutvalsekretariatet på vegne av kontrollutvalet gjort ei undersøking.



## ***REGLEMENT M.M.***

### ***Lov og forskrift m.m.***

Kommunale rekneskap er regulert i kommunelova. Med heimel i kommunelova § 48 nr. 6 er det fastsett eigne rekneskapsforskrifter. I tillegg er det utarbeidd rekneskapsstandardar og god communal rekneskapsskikk (GKRS).

Årsrekneskapen skal avleggast på same nivå som kommunestyret har gjort sitt budsjettvedtak.

Krav om eit budsjett vedteke av kommunestyret er nedfelt i § 45 nr. 1 i kommunelova. Vedtaket skal etter § 45 nr. 2 fattast etter innstilling gjort av formannskapet. Kommunelova presiserer på denne måten at budsjettet er eit politisk ansvar.

Kommunelova § 46 nr. 3 fastset at budsjettet skal vere realistisk. Dette er å forstå slik at dei løyvde midlane må vere tilstrekkelege til å dekkje ein vedteken aktivitet.

Årsbudsjettet er også bindande. Dette er nærmare presisert i kommunelova § 47 nr. 2 der det går fram:

*De rammer som er angitt i årsbudsjettet for utgifter til bestemte formål, må ikke overskrides uten at det på forhånd er foretatt de nødvendige endringer i budsjettet.*

Med unntak der det ligg føre rettslege forpliktingar, må det ligge føre ein budsjettheimel for å kunne påføre kommunen utgifter og dermed utbetalingar. På same måte har kommunestyret plikt til å føreta nødvendige justeringar også i budsjetterte inntekter, dersom slike justeringar er påkrevde for å ivareta lova sitt krav om realisme.

Kommunelova § 47 stiller krav om at rådmannen skal gi melding til kommunestyret dersom det skjer noko som kan få betydning for inntektene eller utgiftene. Rådmannen har det overordna ansvaret for at budsjettet ikkje blir overskride. Rådmannen kan delegera arbeidsoppgåver i budsjettarbeidet til andre gjennom instruksar og tilvisingsmynde.

Etter kommunelova § 23 er rådmannen (administrasjonssjefen) den øvste leiaren for den kommunale administrasjonen. Han skal sjå til at saker som blir lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak blir sett i verk.

Administrasjonssjefen skal også syte for at administrasjonen blir gjort i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at den er gjenstand for ein trygg kontroll. Kommunen hadde ein del av den aktuelle perioden konstituert rådmann slik at det er to rådmenn som har vore involvert i det som blir omfatta av denne rapporten.

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjettet. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak.*

Av kommentarane til § 10 i budsjettforskriftene går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet.

Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett skal kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskaps- rapportering i løpet av året. Det skal også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa er avhengig av, dersom oppfølging skal vere mulig, å ha rekneskapsrapportering på sine respektive nivå. Kommunestyret må for å kunne følgje med ha rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet, budsjettetskjema 1A, 1B, 2Aog 2B (drifts- og investeringsbudsjettet).

Det må også ligge føre eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, må rapporteringa innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar.

## **Økonomireglementet**

Gjeldande økonomireglement for Sykkylven kommune vart vedteke den 5. februar 2001 i sak 12/01 og sist revidert i 2005. Økonomireglementet bygg på regelverket i kommunelova og budsjettforskriftene som er nemnt ovanfor. Formålet med reglementet skal vere:

- Å beskrive kommunen sitt økonomi- og rekneskapssystem
- Å bidra til ei effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunane
- Å bidra til betre økonomistyring
- Å gi dei folkevalde eit tilfredsstillande grunnlag for avgjerder
- Å dokumentere nokre av dei viktigaste økonomirutinane

Det går fram av reglementet at det to gongar i året skal gjerast ein *grundig* gjennomgang av rekneskapen i høve til budsjettet. Det går også fram at tertialrapportane skal vise om verksemda vert halden innan vedtekne budsjetttrammer. Dersom dette ikkje er tilfelle, skal det setjast i verk tiltak for å gjenvinne budsjettbalansen.

I flg. økonomireglementet skal rådmannen i juni sende ut budsjettundskriv for utarbeiding av årsbudsjett. Administrativ behandling i etatane skal skje i juli til september og frist for sektor er begynnelsen av oktober. Rådmannen sitt forslag skal presenterast i byrjinga av november. Formannskapet skal behandle budsjettet i byrjinga av desember og kommunestyret i midten av desember.

Sykylven kommune skal ha periodisk økonomirapportering til kommunestyret pr. 30. april, 31. august og årsrekneskap som skal vere ferdigbehandla innan 30. juni. Formannskapet og hovudutvala skal ha budsjettkontrollrapport kvar månad.

Både i rapportane til kommunestyret, formannskapet og hovudutvala skal det gå fram om verksemda blir halden innanfor vedtekne budsjetttrammer. Dersom dette ikkje er tilfelle, skal det setjast i verk tiltak for å gjenvinne budsjettbalansen. For hovudutvala går det fram at etatsadministrasjonen skal føreslå tiltak for å gjenvinne budsjettbalansen. Utkøyring av grunnlagsrapport skal gjerast av økonomisjef.

Kommunen har ikkje lenger den same utvalstrukturen, etatar eller økonomisjef. Økonomireglementet er ikkje justert i forhold til ny organisasjonsplan, men intensjonane i reglementet er fullt ut gjeldande.

## ***Prinsipp for styring og kontroll***

Prinsippa for god økonomistyring føreset at leiarane har nødvendig oversikt og kontroll med det som er brukt, og med inntektene. Økonomistyringa skal sikre denne informasjonen i forkant ved hjelp av prognosar og periodisering, medan budsjettkontrollen skjer i etterkant.

Det er fleire komponentar som må vere på plass for å nå oppsette mål for økonomistyring og budsjettkontroll. Ein av desse er *kontrollmiljøet*. Verdigrunnlag, haldningar og adferd i organisasjonen er avgjerande for om måla med den interne kontrollen fungerer. Kontrollmiljøet avspeglar seg ovanfrå og ned i systemet. Økonomistyringa er eit resultat av dei som utfører den. Med eit kompetent og motivert personale med gode verdiar og haldningar har organisasjonen eit godt utgangspunkt for økonomistyring og kontroll.

Sentrale *risikofaktorar* i økonomistyringa er endringar i budsjettet sine føresetnader og representerer utfordringar med budsjettkontroll og utarbeiding av prognosar samt behovet for å iverksette tiltak. God og fornuftig risikohandtering inneber at ein prioriterer *kontroll* av utviklinga på område som kan få vesentlege konsekvensar dersom førestnadane sviktar.

*Informasjon og kommunikasjon* både internt og eksternt er sentralt i ei god økonomistyring. Tilgang på økonomisk informasjon er ein føresetnad for økonomistyring. Slik informasjon må framleggast i form av rapportering og oppfølging gjennom året og skje so ofte at ansvarleg beslutningstakar kan gjere nødvendige endringar. Nokon må også følgje opp og *overvake* at desse komponentane som er nemnt ovanfor blir etterlevd.

## **Vurderingskriteriar**

Fakta som er innhenta, gjennomgått og drøfta er vurdert opp i mot rammeverket for Sykkylven kommune si drift. Dette består av lov, forskrift, økonomireglement, samt vedtak og andre lokale direktiv. Undersøkinga rettar seg mot realisme og balansekrav i budsjettet, budsjettet sin bindande verknad, økonomistyring, budsjettkontroll, økonomirapportering og vanleg informasjonsflyt.

## **Avgrensing av undersøkinga**

Hovudfokuset i denne undersøkinga bør vere driftsbudsjettet/driftsrekneskapen. Både storleiken på det rekneskapsmessige meirforbruket (underskotet), at det kom som ei overraskning og at opplysningane om underskotet kom for seint til at det var mulig å gjere noko med det, peikar i denne retninga. På kort sikt er det også manglende økonomistyring i drifta som lettast påverkar kvaliteten og omfanget i det tenestetilbodet kommunen kan tilby.

Det er også fleire forhold knytt til prosjektstyring og finansiering og godkjenning av kostnadsoverslag/budsjett i investeringsrekneskapen som verkar problematiske. Det blir her vist til tidlegare rådmann sitt brev av 21.04.2009, der Ullavik barnehage er nemnt. Her går mellom anna fram:

*Ordre om utbygging vart gitt medan eg var sjukmeldt. Premissane for utbygginga og dei økonomiske rammene har vore uklare. Eg vart av stabssjef i juni 08 gjort merksam på at det ved Ullavik barnehage var brukt nær 4 mill. kroner utan midlar i budsjettet.*

Meir omfattande problemstillingar knytt til investeringsrekneskapen kan ein eventuelt kome tilbake til med oppfølging gjennom året.

Undersøkinga bygg på gjennomgang av rekneskap, årsmelding, budsjett og revisjonsmelding for 2008, rutinar i kommunen, dokument, samtalar og innhenting av skriftleg informasjon frå rådmannsteam og einingsleiatarar.

# **FAKTA**

## **Økonomiske avvik**

Det rekneskapsmessige meirforbruket går fram av rekneskap og årsmelding.  
Viktige negative avvik i inntekter/utgifter i følgje rekneskapsskjema 1A:

Skatt på inntekt og formue:	ca -	2,0	mill. kroner
Andre generelle statstilskot:	ca -	1,6	mill. kroner
Renteutgifter/inntekter:	ca -	8,6	mill. kroner
Negative avvik alle rammeområda:	ca -	12,4	mill. kroner

Redusert meirverdiavgiftskompensasjon i forhold til budsjettet utgjer i følgje opplysninga frå administrasjonen 3,4 mill. kroner og kjem som følgje av lågare byggjeaktivitet enn planlagt.

Overskridingane på einingane er fordelt slik:

Kommunestyre	1,2	mill. kroner	31,0 %
Barnehagar	1,4	mill. kroner	9,5 %
Grunnskule	2,9	mill. kroner	3,7 %
Helse og sosial		mindreforbruk	
Kultur	0,7	mill. kroner	4,7 %
Teknisk	2,2	mill. kroner	10,5%
Sentral/felles	1,9	mill. kroner	8,0 %

For ytterlegare spesifisering av overskridingar blir det vist til eige vedlegg.

Av ”økonomisk oversikt drift” i rekneskapsdokumentet side 9 går det fram at sum driftsinntekter er om lag 16 mill. kroner høgare enn budsjettet og sum driftsutgifter om lag 29 mill. kroner høgare enn budsjettet.

## **Om budsjettet for 2008**

Av budsjettsaka kjem følgjande fram:

*I arbeidet med budsjettet for 2008 har Sykkylven kommune nytta budsjetteringsverktøyet Arena. Ved bruk av Arena blir det lagt opp til to hovedelement i budsjetteringen.*

- Konsekvensjustering av budsjett 2008
- Tiltaksbudsjettering 2008

*Konsekvensjustering av budsjett 2008 inneber ein prosess der ein korrigerer budsjett 2007 slik at budsjettgrunnlag for 2008 samsvarar med faktisk driftsnivå, korrigert for pris- og lønnsvekst og effekt av vedtak med økonomiske konsekvensar for 2008.*

Eit konsekvensjustert budsjett fortel kva drifta i Sykkylven kommune vil koste i 2008 i forhold til det driftsnivået ein har hausten 2007.

Tiltaksbudsjettering inneber budsjettering av nye tiltak utover noverande driftsnivå. Det kjem fram av budsjettsaka at rådmannen ikkje har forslag til nye tiltak i budsjettforslaget for 2008. Målet med rådmannen sitt budsjettforslag er å vidareføre noverande driftsnivå og synleggjere kostnadane med dette. På side 15 kjem det likevel fram at Sykkylven kommune vil få to nye brukarar knytt til ressurskrevjande tenester i 2008. Brutto utgift for desse tenestene er oppgitt til 6,2 mill. kroner og øyremerka inntekt utgjer 3,9 mill. kroner.

I budsjettet for 2007 var det avsett 6.157.000 kroner til dekking av tidlegare meirforbruk. Når dette i staden vart dekt inn av rekneskapsresultatet frå 2006, vart det mulig å omdisponere midlar til drifta i 2007, noko som også vart gjort i følgje budsjettsaka. Samla sett førte dette til ein auke i driftsnivået samanlikna med opphavleg budsjett. Ei vidareføring av dette driftsnivået fører til auke i konsekvensjustert budsjett for 2008 utover økonomiplanen sine føresetnader.

Tidlegare, på sommaren 2007 det året kommunen kom ut av ROBEK – registeret med friskmelding av kommunen sin økonomi, aukar kommunen budsjettet med 7.808.000 kroner. Dei tidlegare nemnte 6.157.000 kroner er ein del av desse. Det går fram av saka at denne summen vil ha innverknad på budsjettet for 2008.

Etter opplysningar frå KS vart rammene for tariffoppgjeret i 2008 slik:

<b>Årlønnsvekstramme 2007 – 2008</b>		<b>Virkningsdato</b>	<b>Årlønnsvekst 2007-2008</b>
Overheng til 2008			1,4 %
Anslag lønnsglidning 2008	snitt 3 siste år		0,26 %
Generelt tillegg	2,5 %	1.5.2008	1,67 %
Lokal pott	1,6 %	1.5.2008	1,07 %
Fellesbestemmelser		1.5.2008	0,35 %
Minstelønnsendringer		1.5.2008	1,59 %
<b>Årlønnsvekst 2007-2008</b>			<b>6,34 %</b>

Lønnsoppgjer og etterbetalingar har også vore store i 2008. I budsjettet var det avsett 4 % auke på årsbasis. Ettersom lønn er den største kommunale utgifta, 203 mill. kroner eksklusiv sosiale utgifter, får auke i prosent store konsekvensar. Meirforbruket på lønn i flg. økonomisk oversikt drift vart på 14 mill. kroner. Kommunen hadde også lokale forhandlingar utover dette samt etterbetalingar. Refusjon sjukepengar utgjorde om lag 11,5 mill. kroner.

## **Økonomirapportering**

### **Økonomirapportering pr. april 2008**

Budsjettforskriftene sitt minstekrav om tal på tertialrapportar til kommunestyret har vore oppfylt i 2008. I følgje innhenta opplysningar har det vore tertialvis rapportering til formannskapet og månadleg rapportering til einingane.

I saksdokumenta blir det vist til budsjettvedtaket for 2008, punkt 12, der følgjande går fram:

*Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet og komitear månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien samanlikna med budsjettet. Kommunestyret vert informert kvartalsvis i høve til møteplan.*

Før korrigeringar viser rapporten meirforbruk/mindreinntekt på 13.277.141 kroner. Av rapporten går det fram at korrigert for faktiske periodiseringsavvik syner rekneskapen eit netto meirforbruk på 3.763.524 kroner. I sluttcommentarane går følgjande fram:

*Samla sett syner økonomioversikta pr. utgangen av april eit betydeleg meirforbruk. Det er viktig at det blir sett i verk moglege tiltak for å halde drifta innanfor fastsette budsjettrammer.*

*Saka vart vedteke utsett.*

### **Økonomirapporteringa pr. mai 2008**

Før korrigeringar viser rapporten meirforbruk/mindreinntekt på 17.636.900 kroner. Etter korrigering og periodisering er avviket på 3.956.185 kroner. I sluttcommentarane går det m.a. fram at det månadlege meirforbruket har gått ned og at det er viktig at alle moglege tiltak for å halde drifta innanfor fastsette rammer blir sett i verk.

Kommunestyret tok den økonomiske situasjonen til vitande og det vart gjort nokre budsjettendringar.

### **Økonomirapporteringa pr. september 2008**

Av rapporten går det fram at korrigert for faktiske periodiseringsavvik syner rekneskapen eit netto meirforbruk på 3.023 465 kroner.

Det går mellom anna fram av rapporten:

*Grunna feil ved renteutrekningsmodellen og undervurdering av renteaugen, fekk vi i 2007 eit meirforbruk når det galdt rentekostnader på om lag 5,5 mill. kroner. Dette vart kompensert av renteinntekter og meirinngang på skatt og rammetilskot slik at ein kunne oppretthalde "Til fordeling drift" som budsjettert.*

*Av same årsakene som i fjar, må vi i år rekne med eit meirforbruk når det gjeld rentekostnader på 5 mill. kroner. Sjølv om vi har oppnådd ikkjebudsjettet rentekompensasjon på eit lån tilsvarannde 20 mill. vedkomande ungdomsskulen, ottast ein at meirinngang renteinntekter og skatt/rammetilskot ikkje fullt ut som i fjar vil dekke meirforbruket på rentekostnader.*

Renteinntekter og skatt vart faktisk betydeleg lågare enn budsjettet.

Av konklusjonen i saka går det fram at ein kan frykte underskot.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

*Kommunestyre tar rekneskapsrapport pr. september til vitande og forventar at einingane gjer maksimalt for å halde budsjettrammene sine.*

### ***Innhenta opplysningar frå administrasjonen***

#### ***Rådmannen (tidlegare) sitt brev av 21.04.2009***

Tidlegare rådmann har i brev datert 21.04.2009 til kontrollutvalet m.a. skreve følgjande:

*Eit driftsunderskot på ca 21.mill.kr. var heilt uventa og slike tal har ikkje på noko tidspunkt vore drøfta eller antyda i administrasjonen. Eg hadde ein samtal med kommunalsjef Dag Flacké, truleg tidleg i desember 08, der han antyda at kommune hadde eit brutto meirforbruk i storleik 20 mill. kr. Vi konkluderte med at dette på vanleg måte var eit bruttototal som ville bli justert ned i samband med statstilskot, refusjonar m.m. som måtte inntektsførast ved slutten av året.*

Av brevet går det vidare fram at kommunalsjef Flacké hadde ansvaret for økonomioppfølging, budsjett og internkontroll medan stabssjef Bergstrøm har stått for renteberekningar, avdrag, meirverdiavgiftskompensasjon og kompensasjonstilskot.

#### ***Rådmannen (noverande) sitt notat av 30.03.2009***

I dette notatet kjem det fram at rådmannen (dåverande) ikkje har følgd opp tilbakemeldingar frå administrasjonen om avvik mellom rekneskap og budsjett og at det har vore for dårlig kommunikasjon (eller forståing) mellom rådmannen og einingane om økonomioppfølging.

Det kjem fram at budsjettala for 2008 ikkje var godt nok kvalitetssikra ved oppsettet av budsjettet for 2008. Vidare har det ikkje vore gjennomført ny gjennomgang av budsjettet ved starten av nytt budsjettår. Tilbakemeldingar til politisk nivå ikkje har vore tydelege og gode nok.

### **Brev frå rådmannsteamet datert 08.05.2009**

Det blir opplyst at einingsleiarane hadde tilgang til budsjettet dagen etter at dette vart vedteke. Rådmannsteamet meiner vidare at budsjettet var realistisk og truleg i samsvar med det aktivitetsnivået som kommunestyret hadde vedteke. Det går også fram at rådmannen fekk fleire tilbakemeldingar om avvik i budsjettet. Avvik på rentene blir brukt som eksempel på slik tilbakemelding og det går vidare fram at dette ikkje vart summert opp frå rådmannen si side. Det går også fram at manglante tilbakemeldingar frå einingane ikkje vart følgje opp/etterlyst av rådmannen. På spørsmål om kvifor storleiken på underskotet ikkje vart oppdagat og rapportert tidlegare går det fram at rådmannen ikkje gjorde noko med bekymringsmeldingane som han fekk. Etter at den nye organisasjonsmodellen vart sett ut i livet, skulle ein av kommunalsjefane ha ansvar for økonomirapporteringa, men han ønskte ikkje ta dette ansvaret utan avklaring av ansvar og mynde.

### **Brev frå einingane**

Einingane med nokre unntak, opplyser at budsjettet vart gjort kjent like etter at budsjettvedtaket vart fatta. Nokre einingar opplyser at dei fekk melding om budsjettet i april. I ein e-post frå stabssjef Bergstrøm datert 14.05.2009 er det forklart kvifor enkelte einingar meiner å ha motteke budsjettet so seint. Det blir vist til tilgjengeleg innsyn i systemet Arena der einingane kunne gå inn og skaffe seg denne informasjonen.

Dei fleste einingane meiner budsjettet var realistisk, men at det seinare vart redusert. Ingen av einingane meiner at aktivitetene deira avvik frå vedtekne aktivitetar gjort av kommunestyret. Årsaker til overskridningar blir opplyst å vere lønnsoppgjer og etterbetalingar samt reduksjon av budsjettet i starten av 2008. Einingane har jamt over motteke månadlege rapportar og alle opplyser å ha kjennskap til økonomireglementet. Det kjem fram at ikkje alle einingane har rutinar for oppfølging og rapportering oppover i systemet og det at i nokre tilfelle vart overskridingane oppdaga seint.

Drifta i einingane skulle ligge på same nivå som i 2007, men det blir opplyst at nye utgifter har blitt belasta utan budsjettjustering og at det ikkje er lagt opp rutinar for oppfølging og rapportering av avvik knytt til lønnsforhandlingar.

Ein einingsleiar er oppteken av kven som er ansvarleg for overskridningar – bestillar eller utførar. Denne merknaden gjeld investeringsbudsjettet og Ullavik barnehage.



# **VURDERINGAR**

## **Punkt 1 i kommunestyret sitt vedtak**

### **Rekneskapstal m.m**

Punkt 1 i kommunestyret sitt mandat går ut på å granske rekneskap og bakgrunn for meirforbruket for året 2008.

Sykylven kommune har i mange år hatt god rekneskapskvalitet. Rekneskapen er no revidert av kommunerevisjonen noko som inneber at det ikkje skal ligge føre vesentlege feil i denne. Revisjonen si oppgåve er nettopp å bekrefte med høg grad av sikkerheit at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil. Dette må leggast til grunn i denne rapporten.

Av revisjonsmeldinga for 2008 går følgjande fram:

*Rekneskapen viser store overskridinger i einingane og svikt i føresetnadane lagt til grunn til fordeling drift i rekneskapsskjema 1 A.*

*Vi meiner at*

- *Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Sykylven kommune si økonomiske stilling 31. desember 2008 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god communal rekneskapsskikk i Noreg*
- *dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett*
- *leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med lov og god communal rekneskapsskikk i Noreg*
- *opplysingane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.*

*Utan at det har innverknad på konklusjonen i avsnittet ovanfor, vil kommunerevisjonen presisere følgjande:*

- *Økonomireglementet for Sykylven kommune er ikkje justert i samsvar med endringane i den administrative organiseringa av kommunen frå 01.01.2006.*
- *Budsjettkontrollrapporteringa gjennom året viser manglar, slik at kommunestyret ikkje har høve til å gjennomføre nødvendige tiltak for å bringe budsjettet i balanse. Det vert vist til forskrift om årsbudsjett mv. § 10, jf kl. § 47 og kontrollutvalet si gransking av rekneskapen og bakrunnen for meirforbruket for året 2008, jf sak PS 12/09.*

Revisjonsmeldinga for 2008 stadfestar rekneskapstal og at budsjett er i samsvar med vedtak.

### **Økonomirapportane**

Økonomirapportane som vart lagt fram for kommunestyret om den økonomiske situasjonen har ikkje vore gode nok. Frå rådmannsteamet har det vore mykje fokus på meldingar og bekymringsmeldingar dei har gitt til tidlegare rådmannen om økonomien. Dersom dei faktiske forholda om det store underskotet var kjent på førehand, burde saksbehandlar gitt denne informasjonen seinast i kommunestyremøte den 15.12.2008 i budsjetsaka for 2009 der følgjande kom fram:

*Kommunen kan stå i fare for å gå på eit driftsunderskot i 2008. For å redusere konsekvensane av eit driftsunderskot har ein teke høgde for det og avsett kr 3.000.000 til å dekke eit slikt underskot. Skulle ein unngå underskot i 2008 så vert det sikkert høve til å vurdere dei 3.000.000 kr til anna disponering.*

Kontrollutvalsekretariatet har ved fleire høve bedt administrasjonen om å legge fram dokumentasjon på at relevante meldingar har blitt gitt til tidlegare rådmann. Rådmannsteamet nemner feilrekninga av renter som eit døme på kva som har blitt meldt vidare opp i systemet og dette framstår som den einaste meldinga som har kome fram.

Denne meldinga som går fram av økonomirapporteringa pr. september 2008 lyder slik:

*Av same årsakene som i fjor, må vi i år rekne med eit meirforbruk når det gjeld rentekostnader på 5 mill. kroner. Sjølv om vi har oppnådd ikkjebudsjettet rentekompensasjon på eit lån tilsvarende 20 mill. vedkomande ungdomsskulen, ottast ein at meirinngang renteinntekter og skatt/rammetilskot ikkje fullt ut som i fjor vil dekke meirforbruket på rentekostnader.*

Denne meldinga verkar lite dramatisk ettersom det berre står at meirinngangen ikkje fullt ut vil dekke meirforbruket på rentekostnader.

Når det gjeld ansvar for økonomirapporteringa m.m., ser det ut for at tidlegare rådmann har gitt sine ordrar og at ordren synest vere motteken, men ikkje fullt ut akseptert, jf brev frå tidlegare rådmann og rådmannsteamet sitt svar på spørjeskjemaet frå kontrollutvalsekretariatet. Kommandolinjene i kommunen bør ikkje vere grunnlag for ei nærmare drøfting. Rådmannen har instruksjonsmynde og det formelle ansvaret.

Rådmannsteamet og fleire av einingane skriv at budsjettet ut i frå det ein visste då, var reelt. Dersom budsjettet var reelt, skulle ein i staden for eit underskot på 21 mill. kroner ha gått i balanse med rekneskapen for 2008. Budsjettkorrigeringane som kom etterpå gjorde ikkje situasjonen betre. I rådmannen sitt brev av

30.03.2009 går det også fram at budsjettala for 2008 ikkje var godt nok kvalitetssikra ved oppsettet av budsjettet for 2008 og at det ikkje har vore gjennomført ny gjennomgang av budsjettet ved starten av nytt budsjettår. Det er også verdt å nemne at når netto driftsresultat frå 2006 til 2007 hadde minka med om lag 20,6 mill. kroner og ei *eingongsinntekt* i 2007 på over 6 mill. kroner vart brukt til å auke utgifter også i 2008, burde dette reknast som eit faresignal for 2008–budsjettet. Det viser seg vidare at netto driftsresultat frå 2007 til 2008 også har svekka seg med meir enn 20 mill. kroner.

Budsjett 2008 for Sykkylven kommune har ikkje vore reelt/realistisk og dette er etter ei nærmare vurdering eit av hovudproblema i Sykkylven kommune sin økonomi i 2008.

### ***Realisme og balansekrav i budsjettet***

Overskridingane av budsjettet i einingane indikerer eit lite reelt budsjett på utgiftssida i forhold til det tenestetilbodet kommunen gir. Dette er eit uttrykk for at driftsnivået ikkje har vore tilpassa dei løvvde rammene. Når dette kjem i tillegg til store overskridingar i renteutgifter og store svikt på inntektsida som nemnt side 7, blir resultatet eit stort underskot. At budsjettet ikkje er reelt, er eit alvorleg problem fordi dette er brot på realismekravet i kommunelova. Kravet om realisme skal sikre at ein i framtida ikkje skal stå overfor store forpliktingar. Det er også eit styringsproblem, ettersom eit unrealistisk budsjett ikkje er eigna som styringsreiskap. Kommunelova sitt krav om at budsjettet skal vere bindande er heller ikkje oppfylt.

Det er ein føresetnad at einingane ved inngangen av året har justert og tilpassa drifta si til føresetningane som ligg til grunn for økonomiplan og budsjett. Dette er ikkje gjort av alle. Nokre einingar meiner å ha motteke budsjett 2008 i april. Det betyr at dei ikkje har nytta budsjettet som styringsdokument i ein viktig del av året.

I budsjettet for 2007 var det avsett 6.157.000 kroner til dekking av tidlegare meirforbruk (underskot). Når dette beløpet i staden vart dekt inn av rekneskapsresultatet frå 2006, var det mulig å omdisponere tilsvarande midlar til drifta i 2007, noko som også vart gjort. Samla sett førte dette til ein auke i driftsnivået samanlikna med opphavleg budsjett. Ei vidareføring av dette driftsnivået fører til auke i konsekvensjustert budsjett for 2008 utover økonomiplanen sine føresetnader. Denne finansieringa som har blitt vidareført gjennom systemet med konsekvensjustert budsjett, har medverka til høgare utgifter i budsjettet og forårsaka ei budsjettering i 2008 – budsjettet i strid med økonomiplanen. Rådmannen skriv i sitt saksdokument datert 08.06.2007 til kommunestyret at midlar avsett til BUAS, Heimetenestene og Butenestene - 5,5 mill. kroner vil ha innverknad på budsjettet for 2008 og seinare. Ettersom desse endringane gjeld for 2. halvår 2007 er det risiko for at effekten er ei dobling og fullårseffekt i budsjett 2008. Det er grunn for å tru at det her kan ligge ei vesentleg årsak til rekneskapsmessig meirforbruk i 2008.

Kommunen har også tidlegare hatt overskridinger på rammeområda og einingane. I 2006 var det eit stort meirforbruk i rammeområda på vel 7 mill. kroner, men grunna høge inntekter spesielt på skatt og rammetilskot fekk kommunen eit overskot på heile 7.897.824 kroner. I 2007 var forbruket i einingane i samsvar med budsjettet, men utan disponeringa av overskotet frå 2006, ville det neppe blitt balanse, men netto driftsresultat svekka seg frå 2006 til 2007 med heile 20,6 mill. kroner.

### ***Budsjettkontroll***

Prinsippa for god økonomistyring føreset at leiarane har nødvendig oversikt og kontroll på om drifta kan gjennomførast som planlagt og innanfor godkjente økonomiske rammer (budsjett). Økonomistyringa skal sikre denne informasjonen i forkant. Budsjettkontrollen som blir utført i etterkant, vil vise om økonomistyringa og drifta har gått som føresett.

Budsjettkontrollen i Sykkylven kommune i 2008 har ikkje vore gjennomført i et omfang eller på ein måte som har vore tilstrekkeleg til å sikre god nok styring og kontroll. Formannskapet har ikkje motteke månadleg økonomirapportering slik som både budsjettvedtak og økonomireglementet stiller krav om. At formannskapet ikkje har motteke rapportar ofte nok er uheldig, endå meir problematisk blir det når rapportane ikkje er til å stole på.

Administrasjonen har ikkje har vore i stand til å gjennomføre god nok økonomisk rapportering og budsjettmessig analyse og det har dermed vore mangelfull oversikt over ressursbruk og økonomiske rammer.

### ***Tiltak som bør settast i verk, punkt 2 i kommunestyret sitt vedtak***

#### ***Utforming av økonomirapportane.***

Dagens økonomirapportering vil for brukarane verke lite informativ med mykje bruk av verbale formuleringar og til dels uklar informasjon og lite dokumentasjon på at heile budsjettet er med i vurderinga. Ved bruk av dei forskriftsfesta budsjettkjemaene vil den som utarbeidar rapportane, rutinemessig bli spora inn på fullstendigheita i budsjettet på det nivået kommunestyret har gjort sitt budsjettvedtak. Informasjonen blir dermed lettare tilgjengeleg.

Kommunen har ei utfordring i utforminga av si økonomirapportering.

#### ***Budsjettrutinar***

Når budsjett skal utarbeidast, er kvalitetssikring gjennom heile prosessen avgjerande.

Når rådmannen utarbeider totalramma for kommunen sine inntekter, budsjettkjema 1A, bør han få denne ramma politisk behandla.

Denne ramma må bygge på tilgjengeleg informasjon og vere realistisk og bli kontrollert av fleire personar. Feil her medfører at det blir løyvd for mykje/for lite.

Urealistiske budsjettforslag frå einingar og rådmannsteam kan medføre både budsjettoverskridningar og tap av inntekter. Det same kan bli konsekvensen av budsjettering på feil formål i forhold til budsjettforskriftene. Utgiftsida må gjenspeile det aktivitetsnivået som er godkjent av kommunestyret. Grunnlaget for rammebudsjetteringa må kontrollerast i detalj.

Når rådmannen/formannskapet utarbeider budsjett/økonomiplan til kommunestyret må det gjerast kontroll av store budsjettpostar som rammetilskot, skatteinngang, momskompensasjon, renter, avdrag og lønn. Fordelinga til einingane, budsjettetskjema 1B, må kontrollerast nøyne og tala må følgjast opp gjennom året.

Vedteke budsjett må vere kjent i einingane og vidare oppfølgd gjennom rapportering om forbruk/inntekter og periodisering. Krav om tilleggsløyving gitt før opprinnelige rammer blir overskridne må innskjerpast og tiltak av relevant styrke må settast i verk ved avvik.

### ***Organisering***

I COSO-rapporten (Commitee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission), eit internasjonalt rammeverk for intern kontroll med vektlegging på korrekt rekneskapsrapportering, etterleving av lover og forskrifter og mål- og kostnadseffektiv drift, er økonomiansvarleg/rekneskapsansvarleg si rolle og posisjon drøfta. Her går det mellom anna fram:

*Økonomimedarbeidere og regnskapsmedarbeidere spiller en viktig rolle i kontrollsystemet siden deres oppgaver går på tvers av driften og andre funksjoner på alle nivåer i en virksomhet.*

Det går vidare fram av rapporten:

*I sin stilling som økonomi- eller regnskapsansvarlig bør vedkommende være en likeverdig partner på møter med de andre funksjonslederne i en virksomhet. Forsøk fra ledelsens side på å innsnevre hans eller hennes oppgaver – til for eksempel å omfatte hovedsakelig områder som regnskapsrapportering og finansforvaltning – vil kunne føre til en vesentlig reduksjon av virksomhetens muligheter for å lykkes.”*

I Sykkylven kommune er rekneskap og overordna økonomiarbeid delt på fleire personar og avdelingar, jf vedlagte organisasjonsplan. Kommunen manglar økonomisjef. Det har til og med blitt antyda at det er uklart korleis arbeidsoppgåvane faktisk er fordelt. Slike oppfatningar vil lett føre til både ansvarsfråskrivning og bortforklaringer. Organisasjonsmodellen viser at økonomi ligg hos rådmannsteamet. Tidlegare rådmann Erling Solsletten nemner i sitt brev

av 21.04.2009 til kontrollutvalet kven han har gitt oppgåvane med økonomioppfølging, budsjett og intern kontroll, utarbeiding og presentasjon av økonomirapportane samt utrekning av sentrale utgifter og inntekter.

Økonomi er eit eiga fag. Det overordna rekneskaps- og økonomiarbeidet bør derfor samlast i eit eige fagmiljø.

Kommunen må bygge opp rutinar som tek omsyn til gode prinsipp for styring og kontroll slik som går fram side 5 og 6. Her er nemnt kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollhandlingar, informasjon og kommunikasjon og overvaking. Intern kontroll må settast på dagsordenen av dei styrande organa i kommunen samt leiing og tilsette.

Kommunen må ta ein grundig gjennomgang av drifta si og finne ut om økonomien er berekraftig nok til å finansiere det tenestetilbodet som kommunen har. Dei to siste åra har netto driftsresultat kvart år svekka seg i gjennomsnitt med over 20 mill. kroner. Utviklinga i 2009 må derfor overvåkast.

Undersøkinga viser at mangefull intern kontroll har medverka til fjaråret sitt rekneskapsmessige underskot. Når opplysningane om underskotet kom som ei overrasking etter at det var for seint å gjere noko med det, skuldast det eit ikkje godt nok økonomiarbeid i kommunen. Administrasjonen har ikkje har vore i stand til å gjennomføre god nok økonomisk rapportering og budsjettmessig analyse og det har dermed vore mangefull oversikt over ressursbruk og økonomiske rammer. Det formelle ansvaret ligg etter kommunelova § 23 til rådmannen. Kommunen bør som eit av fleire tiltak vurdere å innføre ei økonomisjefstilling for på den måten å bygge opp igjen økonomisk styring og kontroll.

## **RÅDMANNEN SITT HØYRINGSSVAR AV 08.06.2009**

Rapporten med unntak av vurderingsdelen har vore førelagt rådmannen til høying.

Rådmannen har som *ein* kommentar:

*Avgrensing av undersøkinga: Her står det i rapporten at undersøkinga bør vere driftsbudsjett/driftsrekneskap. Kvifor då ta med sitat frå brevet til tidlegare rådmann som går på investeringsbudsjettet når rapporten seier at dette skal vi ikkje ta med ?*

I rapporten står derimot:

*Hovudfokuset i denne undersøkinga bør vere driftsbudsjettet/driftsrekneskapen.*

Det går vidare fram:

*Men ein kan ikkje ta med sitat frå ein person og ikkje frå andre. Det vert ei slagside i ein slik rapport.*

Både tidlegare rådmann og noverande rådmann med rådmannsteam har skriftleg blitt bedt om å uttale seg. Det har dei også gjort. Synspunkt som har sett relevante ut, har kome med i rapporten.

Det går fram av høyringssvaret at oppfølging av meirverdiavgiftskompensasjon og kompensasjonstilskot er tillagt stabssjef først frå 2009 og ikkje frå 2008.

At kommunalsjef har påpeika eit brutto meirforbruk på 35 mill. kroner er ei ny opplysning. Dette understrekar berre endå meir behovet for å dokumentere at det er sendt bekymringsmeldingar.

Utover dette er det ikkje vesentleg synspunkt på høyringsuttalen.



*VEDLEGG*





Dato: 08.06.2007  
Arkivref: 2007/553-3869/2007

Saksbeh.: Erling Solsletten

Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet Kommunestyret	

## Økonomisk prioritering av tiltak pr. 2.7.07

Som vedlegg følgjer:

- brev av 25.3.07 frå Sykkylven Golfklubb
- brev av 18.4.07 frå Sykkylven kulturhus
- brev av 22.1.07 frå Sykkylven kyrkjelege fellesråd

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til prioritering av økonomiske ressursar
2. Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre formell budsjettjustering i samsvar med pkt. 1

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med kommunestyremøte 2.7.07 vil administrasjonen legge fram to saker som gjeld økonomiske prioriteringar:

- Ei sak om formell budsjettjustering
- Ei sak som syner kjente behov for midlar utover budsjettjusteringa. Ei sak der kommunestyret kan prioritere bruken av disponible midlar.

Denne saka gjeld den siste saka av desse to.

## Saksopplysning

Den formelle budsjettjusteringa vil omfatte kjente justeringar.

- Oppfølging av vedtak om rekneskap for 2006
- Omdisponering av midlar avsett i budsjett for 2007 til underskotsoppdekking
- Kostnader med lønnsoppgjør
- Adresseringsprosjektet

Den foreliggende saka vil omfatte andre behov og under syner ein behov som er registrert.

## Auke pleiebehov ved BUAS

Kommunen har heilt frå nyttår 2006/2007 hatt eit overbelegg ved BUAS. Samtidig har ein hatt utskrivingsklare pasientar frå sjukehus og pasientar frå betalt plass i andre kommunar. Dette vil medføre auka kostnader. Formannskapet vart orientert om saka i møte 12.2.07. Ein har også innan heimebaserte tenester hatt stort press i 2007 og har brukt meir ressursar enn det som ligg i budsjettet. Antatt behov er – 3.0 mill. til BUAS, 1.0 mill. til heimebaserte tenester.

Dette er behov det er vanskeleg å kome utanom utan å redusere tenestene betydeleg resten av året.

#### Straksløsing BUAS

Eit utval som er sett ned for å vurdere behovet for pleieplassar framover, har kome med eit forslag om ei straksløsing med oppsett av brakker. Viss saka skal realiserast er det tale om leige av brakker, rigging og fundamentering mm. Kostnadane med dette kan beløpe seg til ca. kr 900.000

I tillegg kjem personalkostnader. Her må ein syne til saka over. Det er uklart om slik ekstraløsing kan realiserast i 2007 av formelle årsaker. Levekårskomiteen har i møte 7.6.07 avvist saka og arbeider vidare med ho.

#### Auke andelskapital Sykkylven kulturhus

Sykkylven kulturhus P/L har bedt kommunen om å auke sin andelskapital med kr 350.000 i samband med investeringar.

#### Golfbane Kolda – kommunal kapital

Sykkylven Golfklubb har bedt kommunen om å gå inn i golfprosjektet på Kolda med kr 500.000

#### Auka ressursar Sykkylven Ungdomsskule

Gjennom vedtak om byggrekneskap for bygg C ved ungdomsskulen har kommunestyret føresett ei auka løyinging på kr 1.650.000

#### Sykkylven ungdomsskule – auka løyinging til utstyr

Gjennom budsjettet for spesialromsfløy ved ungdomsskulen er sett av kr 2.100.000 inkl. mva til møblar og innreiingar.

Ungdomsskulen har presentert ei lengre liste over utstyrtsbehov for den praktiske undervisninga. Lista syner kostnader på ca kr. 600.000 inkl. mva. Då er ikkje utstyr til audiovisuelt opplegg med. Ein talar difor truleg om behov i storleik kr. 1.0mill. samla.

#### Driftsbygning kyrkje – inventar/gjerde

Driftsbygninga ved kyrkja skal stå ferdig 8.6.07. I budsjettet for bygget er det ikkje sett av eigne midlar til inventar utover det som ligg i anbod. Det er her noko uklart om reservane vert brukta. I så fall kan her vere att noko midlar. I ettertid har det kome opp behov for å få til eit fullverdig gjerde av smijern og tilhøyrande port der driftsbygninga no er plassert. Kostnadane med dette er ikkje klart. Behovet for utstyr dreier seg truleg om eit beløp i storleik 100.000 kr.

#### Musikk- og kulturskulen

Det er stor søkning til musikk- og kulturskulen. Om alle dei nye søkerane eller ein stor del av dei skal få eit tilbod er det antyda behov for ei ekstra løyinging på ca kr. 140.000 for hausten 2007.

Levekårskomiteen handsama dette i møte 7.6.07 og har der tilrådd ei løyinging for 2007 på kr 140.000. Ei løyinging for hausten 2007 vil krevje ei auka løyinging også for våren 2008.

#### Romsituasjonen for Aure skule

Romsituasjonen for Aure skule er vanskeleg. For å børte på dette er det foreslått å nytte Aure gamle skule. Då må det settast i verk ein del tiltak, m.a. utskifting av vindauge.

Det trengs då noko ekstra midlar, ut frå at det ikkje er avsett midlar gjennom budsjettet. Ein kan eventuelt vurdere dette opp mot moglege reservar. Kostnader med å skifte vindu dreier seg om eit beløp på ca. kr 40.000.

#### Utbetring bårerom i Sykkylven kyrkje

Kyrkjeleg fellesråd har bedt kommunen om midlar til å utbetre bårerommet i Sykkylven kyrkje. Dette gjeld spesielt kjøleanlegget. Kostnadane er estimert til ca kr. 100.000

#### NAV - omorganisering

Det vert her vist til eiga sak. Dei økonomiske konsekvensane av denne saka er auka driftsutgifter for 2007 i storleik kr. 100.000. Eksakte tal ligg ikkje føre.

#### Haugsetvegen

Kommunestyret har i sak 4/07, pkt. 6 fatta slikt vedtak:

"Kommunestyret presiserer at utbygging av Haugsetvegen skal skje i 2007".

Det må her opplystast at utbygging av Haugsetvegen på den aktuelle strekninga neppe lar seg gjennomføre i 2007 i og med kommunestyret har føresett ei reguleringsendring. Det er heller ikkje løyvd midlar til grunnerverv eller utbygging.

#### Elev ved spesialskule i annan kommune

Kommunen har godteke at ein ungdomsskulelev går på skule i annan kommune (Molde). Denne løysinga medfører auka kostnader. I budsjettet for 2007 ligg inne midlar for skuleåret 2006/2007, men ikkje for hausten 2007. Hausten 2006 visste ein ikkje om eleven ville gå i annan kommune skuleåret 2007/2008. det er no klarlagt. Det må då løvvast ca kr. 250.000 for hausten 2007.

#### Bortfall av statstilskot knytt til Norsk 2 for innvandrarar

I samband med budsjett for 2007 vart det kjent at øyremerka statstilskot knytt til Norsk 2 for innvandrarar ville verte lagt inn i rammetilskotet. I denne samanheng har ungdomsskulen ei ikkje reell inntekt på kr. 414.000. Dette må dekkast opp på ein eller annan måte. Alternativa er innan eige budsjett eller auka løving. Ved å tilrå løving i anna sak som gjeld ungdomsskulen, så meiner rådmannen at ungdomsskulen bør kunne løye denne saka innanfor eige budsjett.

#### Storfjordsambandet

Storfjordsambandet har søkt Sykkylven kommune om kr. 295.000 i samband med ny prosjektering/utgreiling av fast samband over Storfjorden. Dei fleste andre kommunane har løyvd sin del. Formannskapet handsama søknad om kr. 102.000, men utsette saka. Seinare er kome ny søknad som ikkje er handsama.

#### Lærlingar

Kommunen har lagt eit opplegg for å ta imot lærlingar. Det kan her bli aktuelt med ei løving, men dette bør kunne dekkast mot reservane.

#### Disponibele midlar

Gjennom budsjett for 2007 og rekneskap for 2006 har kommunen slike disponibele midlar:

- |                               |                    |
|-------------------------------|--------------------|
| - Reservar i budsjett 2006    | kr. 2.128.000      |
| - Midlar dekt.underskott 2007 | kr. 6.157.000      |
| - Rest rekneskapoverskot 2006 | kr. <u>832.188</u> |

Gjennom eiga sak framkjem at kommunen har kr 7.808.000 til disposisjon.

Eit sentralt spørsmål vert så om kommunen skal disponere alt dette eller ein skal legge anna vurdering til grunn.

Rådmannen vil peike på at kommunestyret nyleg har foreteke disposisjon som tilseier at kommunen no kan kome ut av ROBEK- registeret. I ein slik samanheng bør det vere ein ambisjon om ikkje å kome i dette registeret på nytt. Det bør tilseie at kommunen må bygge seg opp reservar/buffer for å kunne takle uforutsette behov.

I kommunen opplever ein stadig nye stuasjonar der det oppstår behov for midlar. (Pleiepasientar, ressurskrevjande brukarar, barn i fosterheimar mm.) Utan ressursar vil då kommunen fort kunne hamne i underskottssituasjon eller ein må kutte kraftig i drifta.

Kommunestyret fatta så tidleg som i 1997 vedtak om å bygge opp ein økonomisk buffer på 10 mill.kr. Det var då grunngitt med eit beløp tilsvarende ei månadsutbetaling til lønn i kommunen. Det er no eit større beløp, men det ville no vere bra om ein kom opp i eit slikt beløp også.

Gjennom gjeldande økonomiplan er det lagt opp til å starte oppbygging av økonomisk buffer frå 2009, men då var føresetnaden at ein hadde nedbetalt driftsunderskotet i 2008. Når ein no har nedbetalt underskotet i 2006, bør konsekvensen vere at ein startar oppbygging av buffer allereie frå år 2007. Økonomiplaner syner ei avsetning på 3,4mill kr i første fase. Det er ynskjeleg at ein allereie i 2007 kan bygge opp ein slik buffer, men rådmannen ser at eit slikt beløp kan verte vanskeleg no, men ambisjonen må vere at ein kan klare det i løpet av 2007.  
Kommunen må elles ha nokre reservar til påkomande tiltak resten av 2007. Rådmannen tilrår etter dette at ein set av ca. 1.1 mill. kr. til reservar/buffer.

#### Skille drift/investering

Dei ønska/registrerte sakene på lista ovanfor kan alle finansierast med driftsmidlar, men ein del tiltak kan også finansierast med lån/fond og liknande.

Auka finansiering av spesialromsfløy ved ungdomsskulen bør finansierast ved lån/fond. Det same gjeld Haugsetvegen og andre bygningsmessige tiltak.

Rådmannen tilrår at ein i seinare sak kjem attende til finansiering av klare investeringstiltak.

#### Oppsummering/prioritering

Etter rådmannen si vurdering har kommunen til disposisjon ca 6,7 mill. føresett at ein set av ca. 1.1 mill. i reservar/oppbygging av buffar. Kommunen må løyve midlar til BUAS/heimebaserte tenester ut frå kjente behov. Kommunen må også dekke opp for ein ny ressurskrevjande brukar innan butenestene.

Rådmannen meiner elles at ein må løyve noko midlar slik at ein kan få til ei tilfredsstillande utrusting av den nye spesialromsfløya ved ungdomsskulen. Utover denne løvinga må ungdomsskulen innan eige budsjett foreta prioriteringar.

Kommunen bør elles foreta ei løving knytt til elev som går på skule i Molde.

Kommunen må elles løyve midlar til NAV-organiseringa.

Rådmannen synest elles at ein bør utstyre driftsbygninga på kyrkjegarden slik at ho no kan takast i bruk. Gjerde og port må ein kome attende til når ein veit kostnadane.

Rådmannen vil elles tilrå at kommunen løyver kr. 100.000 til utbetring/utskifting av bårerom i Sykkylven kyrkje.

Med dette opplegget vert disponeringa slik:

Disponibelt	kr. 7.808.000
Avsett reservar/buffer	kr. 1.158.000
Avsett BUAS	kr. 3.000.000
Avsett Heimetenestene	kr. 1.000.000
Avsett Butenestene	kr. 1.500.000

Udstyr Ungdomsskulen	kr. 600.000
Elev i anna kommune	kr. 250.000
Avsett NAV	kr. 100.000
Inventar kyrkje/driftsbygning	kr. 100.000
Bårerom kyrkje	kr. 100.000
 SUM	kr. 7.808.000

Midlar avsett til BUAS, Heimetenestene og Butenestene vil ha innverknad på budsjettet for 2008 og seinare.

Mange oppfatta elles at no er den kommunale økonomien blitt så god at kommunen både kan ta på seg nye oppgåver og generelt verte mykje rausare.

Det er klart at med å kvitte seg med eit betydeleg akkumulert driftsunderskot så får kommunen ein friare økonomi, men denne budsjettvurderinga syner elles kor sårbar den kommunale drifta er, for nye tilhøve. Stordelen av dei disponible midlane går til dei eldre og tilhøve kommunen i liten grad rår over.

Ein opplever elles stort behov for meir ressursar til sentrale område som vegvedlikehald og bygningsvedlikehald utan at det ligg føre konkrete søknader om dette,

Det er likevel bra at ein no kan dekke opp kjente behov og dermed i mindre grad risikere meirforbruk ved årsslutt.

Rådmannen tilrår kommunestyret å vedta den prioritering rådmannen har lagt opp til.

Erling Solsletten  
rådmann



## NOTAT TIL KONTROLLUTVALET – STATUSDEL

Viser til utkast til statusdel for gjennomgang av økonomistyring 2008.

Rådmannen har følgjande kommentarar:

- Avgrensing av undersøkinga: Her står det i rapporten at undersøkinga bør vere driftsbudsjett/driftsrekneskap. Kvifor då ta med sitat frå brevet til tidlegare rådmann som går på investeringsbudsjettet når rapporten seier at dette skal vi ikkje ta med ? Samtidig er det også positivt feil(faktafeil) at ordre om utbygging vart gjeve medan tidl. rådmann var sjukmeld. Desse forholda har heile tida vore drøfta med tidl. rådmann, samtidig som han fekk kopi av epostar mellom kommunalsjef og einingsleiar vedkomande utbygginga (m.a. 29.08.08 og 19.09.08 om framdrifta). Men ein kan ikkje ta med sitat frå ein person og ikkje frå andre. Det vert ei slagseite i ein slik rapport.
- Nedst på s.5 står det at det er lagt inn lønsauke på 4% på årsbasis og dette vart for lite. Kommunen la inn meir i lønsauke enn det som vart rådd til frå regjeringa. Dei antyda 4,8% frå 1.mai, medan vi la inn 6% frå 1.mai basert på det faktiske løinsnivået i oktober etter lønsforhandlingane var gjennomført.
- Tabellen på s.6 vert ikkje korrekt å halde opp mot budsjettet då dette er resultatet på landsplan i etterkant.
- På s.7 vert på nytt tidl. rådmann sitert. Her kjem inn nok ein faktafeil ved at kommunalsjef faktisk påpeika at rekneskapsrapporten viste eit brutto meirforbruk på 35 mill., men at dette kom til å bli redusert ein del. Det var difor tidl. rådmann som sjølv har konkludert med at ein måtte rekne med å kome i mål på slutten av året. Kommunalsjefen antyda til tidl. rådmann seint på hausten at meirforbruket kunne bli 10 mill. kr. Men ingen hadde rekna med at det skulle bli så stort som det vart.
- Det står i rapporten at kommunalsjef Dag Flacke hadde ansvaret for økonomioppfølging, budsjett og internkontroll. Dette har vore intensjonen, men har vore drøfta i 3 år utan at ein fekk avklaring på dette gjennom m.a. fullmakter. Difor vart det meldt tilbake at dette ansvaret kunne ein ikkje ta på seg før fullmaktene vart avklart. Dette vart ikkje teke tak i frå tidl. rådmann med det resultat at ansvaret flaut. Som eit resultat av dette gjekk han nokre gonger til kommunalsjefen, medan han andre gonger gjekk til stabssjefen med sakene/spørsmåla som gjekk på økonomi.
- Oppgåvene som stabssjef Bergstrøm har fått tillagt frå tidl. rådmann gjaldt for 2009, ikkje for 2008. For 2008 hadde han ansvaret for skatt, rammetilskot, renter og avdrag.
- Brev frå einingane: Prosentvis er overskridingane på løn marginale, medan dei store overskridingane går på andre driftsutgifter.
- I siste setninga kjem ein på nytt inn på investeringsbudsjettet som ein tidlegare har konstatert at ein ikkje skal sjå på

Vonar at desse momenta vert teke omsyn til i det vidare arbeidet.


På førehand takk.

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann



SYKKYVEN

# Organisasjonskart administrativ organisering





SYKKYLVEN

# Sykkylven kommune

Økonomi  
Kommunikasjon  
Organisasjon  
Planlegging  
Avdeling  
Næring  
Personal


**ADVANNS  
TEAM**  
Rådmann og to  
kommunalsjefar

Kommunikasjon  
Organisasjon  
Økonomi

Planlegging


Næring

Personal





# Organisasjonskart politisk organisering






SYKKYLVEN

# Temaansvar

Organisasjonsutvikling



Personalpolitikk

Økonomistyring

Kompetanseutvikling

Ekster-/intern  
Informasjon

Kvalitetssteling

**Driftsrekneskapen:**

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Avvik
<b>Kommunen</b>	21 253 838	0	- 21 253 838
<b>Kommunestyret</b>	4 947 718	4 092 000	- 855 718
Møte Kst/Fsk/utval	3 915 531	2 297 000	- 1 618 531
Netto andre ansvar (m.a. stryking avsett.)	1 028 187	1 795 000	766 813
<b>Finansiering</b>	- 241 208 894	- 252 712 500	- 11 503 606
Skatteinntekter	- 143 589 221	- 145 500 000	- 1 910 778
Rammeoverføringer	- 83 420 756	- 80 353 000	3 076 756
Tilskot flyktninger	- 5 806 672	- 5 281 000	527 672
Mva frå invest.	- 5 788 570	- 9 218 000	- 3 429 430
Kompensasjon oms.b	- 1 232 840	- 1 897 000	- 664 160
Komp. Buas	- 3 272 465	- 4 778 000	- 1 505 535
Komp. Reform 97	- 638 000	- 982 000	- 344 000
Komp. Ung. skulen	- 442 513	0	442 513
Renter på lån	18 341 604	13 872 500	- 4 469 104
Renter og gebyr	- 3 847 741	- 7 915 000	- 4 067 259
Netto avsettingar	464 038	43 500	- 420 538
Netto andre ansvar	2 080 676	2 926 000	845 324
<b>Vikedalen barnehage</b>	1 444 615	1 231 804	- 212 811
<b>Vik barnehage</b>	617 134	476 555	- 140 579
<b>Velledalen barnehage</b>	621 785	532 285	- 89 500
<b>Jarnes barnehage</b>	715 195	736 412	21 217
<b>Tandstad barnehage</b>	895 170	723 969	- 171 201
<b>Blakstad barnehage</b>	1 111 549	838 596	- 272 953
<b>Ullavik barnehage</b>	1 616 176	1 250 739	- 365 437
<b>Adm bhg/priv bhg</b>	- 4 781 991	- 4 924 860	- 142 869
<b>Sum barnehagane</b>	2 239 633	865 500	- 1 374 133
<b>Aure skule</b>	11 477 389	10 718 300	- 759 089
<b>Hundeidvik skule</b>	4 117 320	3 822 000	- 295 320
<b>Jarnes skule</b>	7 618 562	7 600 000	- 18 562
<b>Ramstaddal skule</b>	2 633 217	2 586 500	- 46 717
<b>Tandstad skule</b>	6 234 697	5 898 500	- 336 197
<b>Ullavik skule</b>	8 932 856	8 364 200	- 568 656
<b>Velledalen skule</b>	3 886 537	3 761 500	- 125 037
<b>Vik skule</b>	8 936 974	8 623 800	- 313 174

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Budsjett 2008	Avvik
<b>Felles for barnesk.</b>	61 626	139 700	78 074
<b>Ungdsk/voksenoppl</b>	27 549 065	27 077 000	- 472 065
<b>Buas *)</b>	45 946 502	44 392 500	- 1 554 002
<b>Heimetenestene</b>	19 720 336	19 818 000	97 664
Særleg ressurkr. bruk	2 639 590	2 663 000	- 23 410
Netto andre ansvar	17 080 746	17 155 000	74 254
<b>Barne og familietenestene</b>	39 560 239	41 419 500	1 859 261
Flyktningtenesta	2 990 231	3 992 000	1 001 769
Butenestene	12 720 231	13 908 000	1 187 769
Netto andre ansvar	23 849 777	23 519 500	- 330 277
<b>Kultureininga</b>	15 589 685	14 772 500	- 817 185
Storhallen	1 688 954	1 194 000	- 494 954
Kunstgrasbana	1 186 644	845 000	- 341 644
Netto andre ansvar	12 714 087	12 733 500	19 413
<b>NAV – kommune</b>	4 387 365	3 582 000	- 805 365
Pliktig hjelp og bidrag	2 981 224	2 362 000	- 619 224
Netto andre ansvar	1 406 141	1 220 000	- 186 141
<b>Næring</b>	239 343	792 000	552 657
Framhjelp næringslivet	590 750	792 000	201 250
Netto andre ansvar	- 351 407	0	351 407
<b>Teknisk driftseining</b>	23 140 712	20 957 500	- 2 183 212
Oppmåling	522 660	208 000	- 314 660
Bygningsdrift	4 389 541	2 906 000	- 1 483 541
Kommunevegar	8 498 696	7 539 500	- 959 196
Netto andre ansvar	9 729 815	10 304 000	574 185
<b>Rådmannsteamet</b>	2 356 023	2 297 500	- 58 523
<b>Servicetorget</b>	3 630 952	3 535 500	- 95 452
<b>Stabseininga</b>	7 339 648	6 809 500	- 530 148
<b>Fellesutgifter</b>	11 916 333	10 828 000	- 1 088 333
Lærlingeordninga	261 104		- 261 104
Seniortiltak	1 296 923	2 104 000	807 077
Annonsering og informasjon	508 476	73 000	- 435 476
Felles IKT-driftsutgifter	3 627 057	2 779 000	- 848 057
Netto andre ansvar	6 222 773	5 872 000	- 350 773

\*) I budsjettrevisjonssak K-105/08 vart budsjettet for Buas grunna ein såg for seg innsparingar, redusert med kr 1 000 000.

**Investeringsrekneskapen:**

Oversynet over avvik vedkomande investeringsrekneskapen er avgrensa til prosjekt der ein manglar finansiering (Udekka finansiering)

Eining/ansvar	Rekneskap 2008	Finansiering 2008	Avvik
<b>Finansiering</b>			
Andelskapital Åknes/Tafjord beredskap IKS Sentrumsskulane	297 500 90 176	297 500 53 874	- 297 500 - 36 302
<b>Teknisk driftseining</b>			
Utstyr oppmålinga	52 708		- 57 208
Arbeid industriområde	63 507		- 63 507
Rådhuset, ventilasjon	79 281		- 79 281
Aure gamle skule, ventilasjon	255 597		- 255 597
Ullavik barnehage, utviding	5 033 133	1 450 000	- 3 583 133
Jarnes skule, miljøretta helsevern	160 657		- 160 657
Blakstad barnehage, miljøretta helsevern	77 106		- 77 106
Aure skule	3 832 486	3 000 000	- 832 486
Rehab. prestebustad Ikornnes	130 373		- 130 373
Uteområde kyrkjegarden	703 459	553 459	- 150 000
Hagarden bustadfelt	3 041 393	428 056	- 2 613 337
Gang- og sykkelveg, Jarnesodden	2 047 427	1 997 427	- 50 000
Trafikkssikringstiltak	3 506 516	2 999 651	- 506 865

Om stryking av overføring vedkomande Åknes/Tafjord, sjå note nr 8 – Strykingar.

Syklyven 31. mars 2009

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Arlid Bergström  
Stabssjef/fagsjef rekneskap

Harald  
Rogne/KOMMUNEREVISJON  
N  
08.06.2009 10:48

Til Sverre Petter  
Abelseth/KOMMUNEREVISJON@KOMMUNEREVISJON  
cc  
bcc

Emne Vs: Når vart budsjettet for år 2008 kjent for einingane?

----- Videresendt av Harald Rogne/KOMMUNEREVISJON den 08.06.2009 10:45 -----



Arild Bergstrøm  
<arild.bergstrom@sykkylve  
n.kommune.no>  
14.05.2009 09:56

Til "Harald Rogne" <harald.rogne@kontrollutvalg.no>  
Ole-Johan Lillestøl  
<ole-johan.lillestol@sykkylven.kommune.no>, "Eldrid  
Suorza" <eldrid.suorza@sykkylven.kommune.no>, "Dag  
Flacke" <dag.flacke@sykkylven.kommune.no>  
Emne Når vart budsjettet for år 2008 kjent for einingane?

Eg syner til motteke brev og til e-postar og samtalar.

### **Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane?**

#### **Rådmannsteamet:**

- Dagen etter at kommunestyret gjorde vedtak, vart budsjettet lagt ut i Arena slik at einingsleiarane kunne ta det ut lokalt. I budsjettprosessen har det også vore gjort kjent for einingsleiarane at budsjettet vert lagt ut slik.

#### **Rektorane:**

- Budsjettet for 2008 vart delt ut til einingane i april.  
- I april 2008.

#### **Andre einingsleiarar:**

#### **Barnehagestyrarar:**

- Budsjettet for 2008 var tilgjengelig for einingane etter kommunestyremøtet 17.12.07, då budsjettet vart vedteke av kommunestyret.

#### **Einingsleiar teknisk driftseining:**

Alle einingsleiarane var oppmoda om å møte på kommunestyret sitt budsjettmøte. Eg var tilstades, og vart slik direkte informert om vedtaket.

#### **Einingsleiar heimeteneste distrikt:**

Vedteke budsjett for 2008 vart gjort kjent i eininga i budsjettmøte i kommunestyre i desember 2007.

#### **Einingsleiar Buas:**

Vedteke budsjett for 2008 vart kjent for einingane når kommunestyre gjorde sitt vedtak 17.12.2007.

Om prosessen:

Då rådmannsteamet skulle behandle innkomne framlegg frå einingane, var desse ikkje uventa fleire million kroner over kva ein vurderte inntektssida i budsjettet til å ha rom for.

I rådmannsteamet sitt salderingsmøte sat eg nærmast med ein sekretærfunksjon. Mi rolle var å føre påplussingar og reduksjonar inn i budsjettverktyet "Arena" i kolonnen "Rådmannsteam". Einingane kunne då heile vegen gå inn og sjå om rådmannen hadde gjort endringar i einingane sine framlegg.

Same framgangsmåten vart brukt ved oppsett av budsjettet for år 2007.

Rådmannsteamet tok slikt utgangspunkt:

1. Budsjettframlegga skal bygge på framskriving av budsjett for år 2007 tillagt det vi kalla "Effekt av vedtak"
2. Effekten av lønnsauke og prisauke i år 2008 skulle deretter leggjast inn ved hjelp av Arena sin pris- og lønnsjusteringsfunksjon.

"Effekt av vedtak" må kanskje forklarast. Einingane fekk tilsendt døme:

1. Dersom det i budsjettet for år 2007 vart vedteke å sette i verk eit vedtak frå 1. juli 2007 og den økonomiske verknaden av dette vart sett til kr 100 000 i år 2007, var det ikkje unaturleg at den økonomiske konsekvensen av vedtaket ville verte det doble i år 2008 – ein skal drive aktiviteten eit heilt år. I so fall skulle eininga med vising til vedtaket føre opp kr 100 000 ekstra for år 2008 i kolonnen "Effekt av vedtak"
2. På same måte dersom det vart vedteke noko i år 2007 som berre galdt 2007, td ekstra løvning for utarbeidning av ein plan, kr 100 000, skulle denne summen førast opp som ein reduksjon kr 100 000 på den utgiftsarten det galdt i kolonnen "Effekt av vedtak" ved oppsett av budsjettet for år 2008.
3. Inn i denne kolonnen skulle også førast nye utgifter som kom til i år 2008 og som ikkje var der i år 2007, dersom årsaka til den nye utgifa var pålegg frå overordna myndighet.

(Einingane hadde fått melding om at dersom dei ønskte/såg nødvendig budsjettstyrking utover 2007-nivå, skulle dette førast opp i eige skjema "Tiltak")

Rådmannen tok slikt utgangspunkt:

Korrigert budsjett år 2007 tillagt det som rettmessig var innført i kolonnen "Effekt av vedtak" vert kalla "Ramme"

Reknestykket vart gjort på einingsnivå – rådmannsteamet ville ikkje underkjenne om ei eining overførte midlar frå eitt ansvar til eit anna.

Eining for eining vart denne reknemåten gjennomført.

Framgangsmåten vart også gjort gjeldande for skulane.

I kolonnen "Effekt av vedtak" hadde dei fleste skulane ført opp auka lønnskostnader grunna pålegg om 5 ekstra timer undervisning på småskuletrinnet.

Dette vart av rådmannsteamet vurdert til å kome inn under punkt 3 over og ikkje inn under "tiltak". Her vart dermed berre reknemåten kontrollert. Jf vedlagde rapport frå Aure skule der det går fram at eininga hadde rekna ut kostnad inkl sosiale utgifter og lagt dette inn i lønn. Arena rekna påslag for pensjon og arbeidsgivaravgift. Sosiale utgifter kom med to gonger og dette vart derfor retta.

For å halde orden på framlegg over/under ramme vart det sett opp eit eige rekneark – Kalla "

Reknearkmodell Grunnskule"

Reknarket hadde slike kolonner:

1. kolonne – Revidert budsjett for år 2007 Netto utgift på einingsnivå
2. kolonne – "Effekt av vedtak" – Netto utgift på einingsnivå
3. kolonne – Sum revidert budsjett 2007 tillagt "Effekt av vedtak" – kalla "Ramme"
4. kolonne – Eininga sitt framlegg til netto utgifter
5. kolonne – Skilnad, dvs over eller under ramme.

Reknarkmodellen syntet skulane slike tal:

<b>Skule</b>	<b>Framlegg høgare enn Ramme</b>	<b>Framlegg lågare enn Ramme</b>
Aure skule	112 951	
Ramstaddal skule	451 651	
Hundeidvik skule	507 431	
Jarnes skule		170 853
Tandstad skule	250 481	
Ullavik skule	186 485	
Velledalen skule	174 460	
Vik skule	553 609	
Ungdomsskulen		141 563

Der framlegg om budsjett var høgare enn ramme (skulane Aure, Ramstaddal, Hundeidvik, Tandstad, Ullavik, Velledalen og Vik) vart art 4900 – Reserverte løyvingar redusert med summane – til saman kr 2 237 068. Var der ikkje midlar på denne posten, vart summen ført inn som ein negativ post. Einingane skulle då etter vedtak om budsjett var gjort i kommunestyret, fjerne denne negative posten ved å redusere andre postar tilsvarende. Dette var heilt i tråd med budsjetteringsmåten som var brukt frå år 1996.

Der framlegg om budsjett var lågare enn ramme (skulane Jarnes og Ungdomsskulen/Vaksenopplæring) vart art 4900 – Reserverte løyvingar auka med summane – til saman kr 312 416.

Det vart ikkje sendt ut skriftlege meldingar om kva som var gjort. Einingane var på førehand varsle om at dersom rådmannen gjorde endringar, ville dette bli gjort i kolonnen "Rådmannsteam". Einingane hadde fått opplæring i bruk av Rapportfunksjonen i Arena.

Endringane vart av meg gitt teksten: Jf reknarkmodell Grunnskule

I eige hefte utsendt frå rådmannen – kalla "Budsjett år 2008" vart netto driftsbudsjett etter denne endringa synt, eining for eining.

Ved formannskapet si behandling av budsjettet – F-sak 70/08 – vart det frå nokre representantar synt til at siste budsjettkontrollrapport for år 2007 syntet eit mindreforbruk på barneskulane på over 1 500 000. Formannskapet meinte då at budsjettet for barneskulane for år 2008 kunne reduserast med kr 1 500 000 utan at dette fekk noko verknad for skuledrifta. (Bakgrunnen for kommentaren – reduksjonen medfører ikkje endringar i drifta i høve til rekneskapen for år 2007)

Formannskapet vedtok derfor:

Reduksjon driftsbudsjetta for barneskulane kr 1 500 000

Eg var til stades på formannskapsmøtet og tok opp at dette etter mi meinung ikkje var presist nok.

Med vår budsjetteringsmåte og oppsett av budsjett (Jf Budsjettskjema nr 1 B) måtte nok formannskapet gjere ein reduksjon på kvar einskild eining (barneskule) på til saman kr 1 500 000.

Til svar kom det at administrasjonen fekk fullmakt til å fordele reduksjonen i samla budsjett for barneskulane på kvar skule fordelt etter talet elevar ved den einskilde skule.

Med dette som bakgrunn vart det 28. november 2007 lagt inn slike "tilleggskutt" utover det rådmannen hadde gjort:

<b>Skule</b>	<b>Formannskapet sitt kutt</b>
Aure skule	- 361 500
Ramstaddal skule	- 53 500
Hundeidvik skule	- 101 000
Jarnes skule	- 209 500
Tandstad skule	- 158 000
Ullavik skule	- 278 500
Velledalen skule	- 83 000
Vik skule	- 255 000
Sum	- 1 500 000

I Arena var det ikkje eiga kolonne for "Kutt i formannskap" og reint praktisk vart det løyst ved at også denne reduksjonen vart lagt inn i kolonna "Rådmannsteam" og kuttet forklart.

Tekst: Jf reknearkmodell Grunnskule, tillegg "red fsk kr xxx"

Døme: Aure skule – negativ løyving art 4900 – kr 474 451 – (Tekst: Jf reknearkmodell Grunnskule, tillegg red fsk kr 361 500)

Døme: Jarnes skule – negativ løyving art 4900 – kr 38 647 – (Tekst: Jf reknearkmodell Grunnskule, tillegg red fsk kr 209 500)

I ettertid ser eg at det nærmast er sett fram at kutta i skulebudsjetta gjort av rådmannsteamet og forsmannskapet (For ungdomsskulen faktisk ei påplussing) skjedde i "nattens mulm og mørke"

Her vil eg ta spesielt ta rådmannsteamet i forsvar.

Det var klart signalisert kva framgangsmåte ein ville bruke ved saldering av budsjettet. Det var gitt opplæring for einingane korleis dei kunne gå inn å ta ut ulike rapportar som synte "kven som hadde gjort kva"

På spørsmål frå einingane om kva som var budsjettet deira (dagane etter budsjettvedtaket på Straumen kro) svara rådmannsteamet (og staben for den del): Dette kan de sjå ved å gå inn på Arena og ta ut rapport.

Rapportar for året 2008 kan framleis takast ut av systemet Arena. For at du kan sjå kva informasjon einingane kunne få ved å ta ut rapportar legg eg ved desse rapportane for Aure skule:

### **Konsekvensjusteringsrapport Aure skule – Ordinær undervisning**

Rapporten syner kva talendringar som er gjort i dei ymse kolonnane og kva kommentarar som er lagt inn av einingsleiar og av rådmannen

### **Budsjettrapport Aure skule**

Rapporten syner først detaljert artsbudsjett for eininga Aure skule, deretter detaljert artsrapport for kvart ansvar innan eininga. Her er alle summar avrunda til heile 1 000 kroner.

## Meldingar frå rådmannen

Då rådmannen sendte ut heftet "Budsjett år 2008" fekk einingane melding om at nærmere detaljar kunne hentast ut av Arena  
Då formannskapet la fram innstillinga si var det også meldt frå om at nærmere detaljar kunne hentast ut av Arena  
Då kommunestyret hadde fastsett budsjettet for 2008 var det også sendt ut melding om at fullstendig detaljert budsjett kunne hentast ut av Arena.


Denne rutinen var den same som for budsjett år 2007.

På kva tidspunkt den einskilde einingsleiar hadde fullstendig oversyn over budsjettet sitt er det vanskeleg å ha noko klar meinинг om.

Det som er klart er på kva tidspunkt den einskilde einingsleiar kunne skaffe seg fullstendig oversyn over budsjettet sitt.

Med helsing

Arild



SYKKYLVEN

***Arild Bergström***  
**stabssjef/skattesjef**

Tlf sentralbord: 70 24 65 00  
Tlf direkte: 70 24 66 00  
Mobil: 908 97 957  
[arild.bergstrom@sykkylven.kommune.no](mailto:arild.bergstrom@sykkylven.kommune.no)  
[www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no)



Ta omsyn til miljøet – vurder om du MÅ skrive ut denne e-posten!



Konsekvensjusteringsrapport Aure skule.pdf Budsjettrapport Aure skule.pdf

**Erling Solsletten**  
**7240 Hitra**

Hitra 21.4.2009

**Sykylven Kommune**  
**Kontrollutvalet**

**Vedkomande økonomistyring og økonomirapportering Sykylven kommune 2008.**

Eg syner til brev av 6.4.2009 frå Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS.

Eg kontakta stabssjef A.Bergstrøm så snart rekneskapet for Sykylven Kommune for 2008 låg føre og fekk då opplyst at kommunen fekk eit driftsunderskot på ca. 21 mill. kr.Dette var ei svært uventa og negativ opplysning.Økonomirapporten som vart lagt fram for kommunestyret pr. utgangen av september 08 indikerte at kommunen truleg ville få eit driftsunderskot for 2008,men ein såg då for seg tal i storleik 3 – 5 mill.kr.

Etter at eg vart kjent med rekneskapsresultatet har eg fundert mykje på kva som kunne vore gjort annleis i vurderingane og konklusjonane i rapporten pr. sept 08,men det er ikkje enkelt å sjå andre konklusjonar ut frå situasjonen ein då hadde.No når ein veit resultatet er det sjølsagt lett å trekke andre konklusjonar.

Eit driftsunderskot på ca. 21 mill. kr. var heilt uventa og slike tal har ikkje på noko tidspunkt vore drøfta eller antyda i administrasjonen.Eg hadde ein samtale med kommunalsjef Dag Flacke,truleg tidleg i desember 08,der han antyda at kommunen hadde eit brutto meirforbruk i storleik 20 mill.kr.Vi konkluderte med at dette på vanleg måte var eit bruttotal som ville bli justert ned i samband med statstilskot,refusjonar,m.m. som måtte inntektsførast ved slutten av året.

Eg sjøl var sjukmeldt i tida 10.11.07 – 1.3.08 og var såleis ikkje med på den politiske handsaminga av budsjett 08 og øk.plan 08 -011.Rekneskapsavsluttinga for 2007 var eg heller ikkje med på.

Då eg starta opp att etter sjukmeldinga 1.3.08 var dei føresette politiske innsparingane på ca. 1,5 mill. kr. innan skulesektoren ikkje avklara.Dette saman med andre negative reserver skapte betydelege problem ut gjennom året og enda opp med ei tilleggs-løyving.Likevel kom skulesektoren ut med eit meirforbruk på ca. 3 mill.kr. i høve til revidert budsjett.

Rådmannen har ansvaret for den økonomiske og driftsmessige sida i kommunen og må tåle og akseptere kritikk når resultatet vert slik det no ligg føre.Dei fleste vil likevel forstå at rådmannen åleine ikkje kan stå for all drift.

## **Arbeidsdeling.**

**Innan rådmannsteamet har ein delt arbeidet på to måtar:**

- driftsoppfølging
- faglege tema

**Innan driftsoppfølginga har arbeidsdelinga vore slik:**

Rådmann	rådmannsteam,stab og servicetorg
Komm.sjef Flacke	barnehagane,BUAS,heimetenestene,teknisk
Komm.sjef Sourza	barneskulane,ungdomsskule/vaksenopplæring,barne-og Familienesta,kultur og NAV

**Fagleg har fordelinga mellom kommunalsjefane i hovudtrekk vore slik:**

Komm.sjef Flacke	Økonomioppfølging,budsjett,internkontroll
Komm.sjef Suorza	Kompetanse,opplæring

Rådmannen har hatt ein overlappande funksjon utan heilt klare faglege tema.

Sidan omorganiseringa har det vore komm.sjef Flacke som har utarbeidd og presentert alle økonomirapportane.Alle rapportane har vore drøfta med og godkjent av rådmannen.

Stabssjef Bergstrøm har innafør sitt arbeidsfelt spesielt stått for renteberekninger,avdrag,momskompensasjon og kompensasjonstilskot.

## **Investeringstiltak.**

### **Ullavik barnehage.**

Kommunestyret har fatta to vedtak om utbygging – plassutviding og parkeringsplass.

Planar for plassutviding vart tidleg utarbeidd av Bonesmo Byggconsult.Planane for parkeringsplass har vore vanskeleg ut frå tilgjengeleg areal.I 2007 har teknisk eining utarbeidd planar for parkering på eiga tomt.

Ordre om utbygging vart gitt medan eg var sjukmeldt.Premissane for utbygginga og dei økonomiske rammene synest ha vore uklare.Eg vart av stabssjef i juni 08 gjort merksam på at det ved Ullavik barnehage var brukt nær 4 mill.kr. utan midlar i budsjettet.Dette vart så teke opp med teknisk eining for å avklare kva kostnadane ville bli og korleis dette skulle finansierast.Utgangspunktet var då ei omprioritering innafør budsjetterte investeringsmidlar.Trass fleire møter om saka låg det ikkje føre løysing før eg slutta(19.12.08).

Til den analyse av driftsresultatet som rådmann Lillestøl har utarbeidd har eg ikkje så mange kommentarar. Det synest likevel noko underleg at han etter kort tid i jobben kan konkludere med at budsjettala dei seinare åra ikkje har vore kvalitetssikra.

Meirforbruk i drifta utgjer ca. 9.8 mill.kr. Av dette utgjør ca. 1.2 mill.kr. politisk styring. Her vart nok Kostnadane med auka møtegodtgjersle mykje høgare enn kommunestyret la til grunn. Meirforbruket i einingane utgjorde ca. 8.6 mill.kr. og syner at stordelen av einingane hadde meirforbruk. Meirforbruk i drifta var antyda i øk.rapporten pr.sept. 08, men meirforbruket vart mykje høgare enn antyda. I denne samanheng synest eg det er positivt at heimetenestene og barne- og familietenestene kom ut med mindreforbruk. BUAS fekk redusert rammene sine med 1 mill.kr, det har nok innverka på resultatet.

I øk.rapporten pr sept. 08 var antyda at nokre sektorar ville kunne styre drifta inn under gitte rammer. Ein ser no at dette ikkje heldt seg opp.

Renter.

2008 var eit vanskeleg år når det gjeld renter. Rentenivået svinga mykje. Kommunen har i lengre tid hatt alle sine lån til flytande renter. Med den stigande renta i 2008 såg ein tidleg at estimata for rentekostnadane ville svikte. Ein vurderte då ei rentebinding for å redusere kostnadane både i 2008 og seinare. Samtidig vart ein klar over at renteestimata hadde ei feilrekning for 2008 og denne feilen ville slå ekstra kraftig ut med høgare rentenivå.

Etter ei tids vurdering valgte ein å binde renta for ca. 180 mill.kr. av lånegjelda hausten 2008 og vurderte dette som gunstig. Likevel ser ein at resultatet vart ein meirkostnad på ca. 4,4 mill.kr.

Svikt i renteinntekter.

Kommunen har gjennom 2008 hatt lite renteberande midlar og dermed små inntekter. Her har ein difor vore for optimistisk i anslaga.

Svikt i momskompensasjonen.

Svikt i investeringane vil gi svikt i momskompensasjonen. Forseinka framdrift for Sørestranda skule er truleg ei medvedrkande årsak. Ein burde ha vore meir påpasseleg her.

Svikt i kompensasjonstilskot.

Kompensasjonstilskota er vanskeleg å halde orden på sidan dei er avhengig av rentenivået. Den urolege rentesituasjonen har gjort dette ekstra vanskelig. Kommunen har nok vore for optimistisk.

Skatt og rammetilskot.

Dette omfattar inntekter kommunen i liten grad kan styre. Ein har månadleg rapportert om Situasjonen.

**Hagarden bustadfelt.**

Dette har vore ei langvarig sak.Rådmannen sitt bidrag har vore grunnvitarar,reguleringshandsaming Og finansieringsforslag gjennom budsjett.Saka har hatt eit sterkt politisk engasjement. Reguleringsplanen har vore omarb eidd to gongar for å få til rimelegare tomter.

**Utbygginga har vore styrt frå teknisk eining.**

Det var i 2006/2007 stort politisk engasjement for å klargjere fleire bustadtomter i Helleskjerva bustadfelt.Etter vedtak i teknisk komite og formannskapet vart det vedteke å låne mellombels midlar frå Hagarden til Helleskjerva.Eg nemner dette fordi eg synest hugse at det ligg føre fleire vedtak om finansiering i Hagarden.

Etter mi vurdering er det uheldig at det i feltet er bygd ein kostbar veg som på kort sikt vil få lite nytte for dette feltet.

**Avslutning.**

Som rådmann i store delar av 2008 synest eg det er svært leit at kommunen kom ut med eit så uventa stort driftsunderskot.Eg vil i denne samanheng vise til at eg i årsmeldinga for 2007 peika på den kraftige svekkinga i kommunen sin økonomi frå 2006 til 2007 der netto driftsresultat vart redusert med ca. 20.6 mill.kr.Svekkinga frå 2007 til 2008 er også på ca. 20.6 mill.kr.Dette tyder nok på at kommunen har eit for omfattande driftsopplegg.

I heile mi tid som rådmann i Sykkylven har eg tala for å bygge opp reserver,men dette har ikkje vore like lett å få aksept for i avveginga mot auka drift.Som rådmann må ein forhalde seg til dei aktuelle politiske vedtaka.

Det kunne truleg ha vore også andre punkt eg kunne ha kommentert,men eg vel å avgrense dette slik.

Eg vonar desse kommentarane kan verre noke til hjelpe for kontrollutvalet sitt vidare arbeid.

**Med helsing**

  
Erling Solsletten



## Sykkylve

n

kommune

Rådmannste  
amet

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS  
postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato: 27.04.2009 Vår dato: 08.05.2009 Saksbeh.: Ole-Johan Lillestøl  
Dykkar ref.: Vår ref.: 2008/1004-3922/2009 Telefon: 70 24 65 56  
Klassering: 150

### Spørsmål vedk. budsjettoverskrivingane

Rådmannsteamet kjem med følgjande tilbakemelding på kontrollutvalet sine spørsmål i samband med budsjettoverskrivingane for 2008:

- ❖ Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane ?
  - Dagen etter att kommunestyret gjorde vedtak, vart budsjettet lagt ut i Arena slik at einingsleiarane kunne ta det ut lokalt. I budsjettprosessen har det også vore gjort kjent for einingsleiarane at budsjettet vert lagt ut slik.
- ❖ Var budsjettet for 2008 realistisk ?
  - Med det ein viste då, var budsjettet realistisk men svært stramt. Innstramming på 1,5 mill for skulane, vart tilbakeført i september 2008.
- ❖ Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarert ?
  - Vi veit ikkje om aktivitetar i einingane som ikkje er klarert politisk. Det har vore sagt lite frå politisk hald om tenestenivået nivået skal haldast opper eller ei.
- ❖ Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt budsjettforslag ?
  - Ja det var stor forskjell på det
- ❖ Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskrivingane rapportert oppover og nedover i systemet og kor ofte ?
  - Rådmannen fekk fleire tilbakemeldinger om avvik i budsjettet. M.a. i juni 2008 vart det rapportert om stort avvik på rentesida. Dette låg også i rapportane til politikkarane, men var ikkje summert opp vidare frå rådmannen si side
- ❖ Kor ofte vart det sendt rekneskapsrapportar til einingane og korleis vart desse følgt opp ?
  - Einigane har fått tilsendt rapport kvar månad. Einigane sine manglande

Postadresse:	Rådhuset, 6230 Sykkylven	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse	Rådhuset, Kyrkjevegen	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no	:		Org.nr.:	NO 964980 365 MVA

- tilbakemeldingar vart ikkje følgt opp/etterlyst av rådmannen
- ❖ Kor ofte vart økonomirapportar behandla i formannskapet ?
    - Tertiavis rapportering
  - ❖ Har kommunen sitt økonomireglement blitt gjort kjent i einingane ?
    - Ja. Det har vore orientert om det i leiarforum. Einingsane har også fått reglementet i trykt form, samt at det i 2008 var arrangert 6 kursdagar om økonomi for einingsleiarane.
  - ❖ Kva er grunnen til at storleiken på underskotet ikkje vart oppdaga og rapportert tidlegare ?
    - Uklar ansvarsdeling i kommunaleiinga,
    - Dårleg rapporteringssystem
    - Dårleg kontroll på dei store finanspostane
    - Rådmannen gjorde ikkje noko med bekymringsmeldingane som han fekk
  - ❖ Kven har fått som oppgåve å sjå til den økonomiske situasjonen og rapportere denne ?
    - Etter omorganiseringa fekk økonomisjefen teke frå seg mynde ved at han ikkje lengre skulle vere økonomisjef. Han fekk oppgåve å vere stabsleiar. Rådmannen tok over ansvaret/oppgåva med rapporteringa og oppfølginga på økonomiområdet. Det var rådmannen som rapporterte til politisk hald
    - Kommunalsjef Dag Flacke var tiltenkt/intensjonane å skulle ha ansvar for rapporteringa. Men ansvar/mynde vart ikkje avklart, dermed melde han frå til rådmannen om at utan denne avklaringa, kunne han ikkje ta ansvaret.
    - Kommunalsjef Eldrid Suorza si rolle i den økonomiske oppfølginga har også vore svært uklar. Ho har ikkje fått avklart dette.
  - ❖ Andre forhold som det ønskjer å orientere om ?
    - Viser til notat som noverande rådmann har laga med vurdering av situasjonen
    - Minner også om at noverande rådmann tok til i stillinga 15.januar 2009 og har difor i stor grad kunniskap om problemstillinga gjennom å ha snakka med medarbeidarane.


Til orientering.

Med helsing

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann

Eldri Suorza  
kommunalsjef

Dag Flacke  
kommunalsjef



Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 30.03.2009  
Vår ref.: 2008/1004-  
2520/2009

Saksbeh.: Ole-Johan Lillestøl  
Telefon: 70 24 65 56

Til:  
Jan Kåre Aurdal

## **Rekneskap 2008 - vurdering og oppfølging**

### **RESULTAT:**

Sykkylven kommune fekk eit rekneskapsmessig underskot i drifta for 2008 på kr 21.111.530

### **FORVENTA RESULTAT:**

Den siste rekneskapsrapporten pr. september 2008 hadde eit prognose på meirforbruk på kr 3.023.465.

### **OVERSKRIDING AV BUDSJETTET:**

<b>INNTEKTER</b>	<b>AVVIK</b>
Manglande inntekt mva-kompensasjon	- 3.400.000
Svikt i renteinntekter (omløpsmidlar)	- 4.000.000
Svikt kompensasjonstilskot	- 2.000.000
Meirinntekter skatt og ramme	+1.100.000

<b>UTGIFTER</b>	<b>AVVIK</b>
Auke i renteutglifter lån	+ 4.400.000
Meirforbruk politikk	+ 1.200.000
Meirforbruk einingane	+ 8.600.000

### **VURDERING AV RESULTATET:**

1. Budsjett-tala for 2008 var ikkje godt nok kvalitetssikra ved oppsett av bud-08
  - Rentekostnader/rentelinntekter (fell med utrekningsmodellen)
  - Kompensasjonstilskot
  - Inntektspostar
2. Budsjett-tala **del seinare åra** har ikkje vore godt nok kvalitetssikra.
3. Det har ikkje vore gjennomført ny gjennomgang av budsjetta ved starten av nytt budsjettår etter at rammene har vore vedteke i kommunestyret
4. For høgt budsjett mva-kompensasjon. Vart ikkje justert ned når ein såg at ein ikkje kom i gang med Sørestrandaskule (mva)
5. Betydeleg overskrilding av budsjettetramma for einingane. Ein del kom på bakgrunn av høgare lønsoppgjer enn forvent.
6. Uavklarte ansvarsforhold i kommuneleilinga i forhold til økonomioppfølging og ansvar
7. Rådmannen har ikkje følgd opp tilbakemeldingane frå administrasjonen om avvik mellom budsjett og rekneskap
8. For dårlig kommunikasjon (eller forståing) mellom rådmannen og einingane om økonomioppfølging

9. Organiseringa av investeringsprosjekt har ikkje vore godt nok fulgt opp i forhold til økonomi.  
Uklare signal har vore sendt ut til teknisk tenester
10. Budsjettendringar ikkje gjennomført før etter ferlen 2008
11. Kontroll- og rapporteringssystemet til Sykkylven kommune har ikkje vore godt nok
12. Tilbakemeldingane til politisk nivå har ikkje vore tydlege og gode nok
13. Politikarane har ikkje teke nok innover seg del økonomiske åtvarlingane frå rådmannen over tid  
(Jamfør kommentarar i budsjetsakene del seinare åra)

**TILTAK SOM ER SETT I VERK:**

1. Klar fordeling av økonomiansvar/oppgåver i administrasjonen er gjennomført
2. Klart krav til einingane om at budsjettet for 2009 skal haldast
3. Krav til einingane om gjennomgang av budsjettet for 2009 for å vurdere om dette vil halde med dagens driftsnivå. Dersom dette ikkje held, skal tiltak setjast i verk og dette skal meldast tilbake i samband med 1.kvartalsrapportering
4. Gjennomgang og vurdering av sentrale driftspostar i budsjettet for 2009 er i gang.
5. Nye rutinar i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt er allereie sett i verk med verknad frå 01.01.09
6. Investeringsprosjekt skal ikkje setjast i verk utan at del er fullfinansiert. Dersom det ligg ann til uforutsette kostnader i løpet av eit byggeprosjekt, skal den moglegje overskridninga fremmest for politisk avklaring før ein kan gå vidare med prosjektet
7. Nytt rapporteringssystem er under innføring. Opplæring og tilrettelegging i gang. Vil bli teke i bruk i samband med første kvartalsrapportering
8. Budsjettjusteringar drift skal gjennomførast i samband med saldering av budsjettet i 1.halvår
9. Vidare opplæring av einingsleiarar og andre er allereie i gang innanfor ulike økonomitema. 2 kurs er allereie arrangert i 2009.

**TILTAK SOM SKAL/BØR SETJAST I VERK:**

1. Tilsetje kontroller i staben som kan følgje opp einingane tettare innanfor økonomi
2. Styrke arbeidet med budsjettprosessen for 2010. Dette er allereie drøfta og avklart i formannskapet
3. Styrke arbeidet med å utarbeide ein realistisk økonomiplan for perioden 2010-2014
4. Avklare framtidig organisering av skulane og barnehagane
5. Utarbeide lelaravtalar for kommunalsjefane og einingsleiarane

**POLITISK HANDSAMING FRAMOVER:**

1. Notat frå rådmannen vert lagt fram til formannskapet den 30.03.09 om årsakene til melforbruket for 2008 og tiltak som er sett i verk for 2009
2. Rekneskapsrapport for 1.kvartal 2009 vert lagt fram for politisk handsaming i april
3. Budsjettendringssak vert lagt fram for politisk handsaming i april
4. Årsmelding og rekneskap for 2008 vert lagt fram for politisk handsaming i mai
5. Saldering av budsjettet for 2009 vert lagt fram for politisk handsaming før ferlen

Med helsing

Ole-Johan Lillestøl  
rådmann



## ykkylve

ommune

elldalen  
ule

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat  
v/ Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

### Svar på spørsmål frå Kontrollutvalsekretariatet

- 1) Budsjettet for 2008 vart delt ut til einingane i april. Rekneskapsrapporten inneheldt omgrepet "reserverte tilleggsløyyingar". Det var ukjent for meg og fleire andre kva dette stod for. Sidan drifta skulle haldast på same nivå som tidlegare, blei ikkje dette utdypa vidare på dette tidspunktet.
- 2) Tala som vart lagt inn hausten -07, etter konsekvensjustert budsjett, var realistiske. Tala for oktober eller november vart brukte. Skulane skulle ha same driftsnivået i 2008 som i 2007. I rekneskapsrapporten i april kom posten reserverte tilleggsløyyingar inn, og det utan at vi var varsle. Det var lagt inn ein felles reduksjon for skulane på 1,5 mill. Med dette vart ikkje budsjetta lenger realistiske. Ein tredjedel av året var no gått utan at vi visste korleis denne reduksjonen var tenkt. Det vart teke opp fleire gonger frå rektorkollegiet med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabssjef.
- 3) Kommunestyret gav klare meldingar om at aktiviteten i skulane skulle vere det same i 2008 som i 2007.
- 4) Det var ikkje avvik mellom skulen sitt budsjettforslag og rådmannen/ formannskapet sitt forslag før reserverte tilleggsløyyingar vart presentert i april -08. Rektorane fekk også til svar frå fungerande rådmann at dei reserverte tilleggsløyyingane ikkje ville føre til reduksjon for einingane. Dette vart og presisert i budsjettdebatten i desember 2007.
- 5) Politikarar og leiarar i Sykkylven møtest til budsjettkonferanse som start på budsjettarbeidet. Fram til budsjettframleggget var vi aktivt med. Etter at dette var

ferdig, vart det gjort budsjettmessige nedskjeringar utan at vi vart tekne med i denne vurderinga.

- 6) Utgifter til lønsauke etter lønsoppgjeren og seniorpolitiske vedtak sentralt og lokalt, utgjer ein god del der personalet har god utdanning og høg alder, som her. Auke i administrasjonsressursen og etterbetaling til adm. stilling, vart belasta budsjettet for 2008, utan justering i budsjettet. Hausten 2008 vart det timetalsauke på 1.-4. kl. med 5 timer. I tillegg til større utgifter for å dekke opp desse timane, fekk det konsekvensar for opningstida til sfo ved skulen. Denne måtte utvidast då 3.-4. klasse også måtte gå onsdagar for å gi dei rett timetal. Det vart då kortare dagar elles og større behov for sfo. Det vart og svikt i foreldrebetaltinga på sfo då ordninga er lita og har lav dekningsgrad. Noko fråfall i løpet av skuleåret merkast lett. Det vart og gjort vedtak av rådmann før skulestart om kjøp av tenester på barnehagen, som sfo- ordninga ikkje greidde å dekkje opp med foreldrebetaling.
  - 7) Rapportane skulane fekk i april-08, der reserverte tilleggsloyvingar var kome inn, vart teke opp i møter med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabssjef. Skulane såg då straks at å ta alle nedskjeringane frå august, ville bli heilt urealistisk. Med tanke på kva som blei sagt frå administrasjonen og av politikarane under budsjettdebatten, var dette vanskeleg å skjøne. For min del la eg inn noko timetalsreduksjon frå august 2008 i høve til 2007.
  - 8) I 2008 mottok eg den første rekneskapsrapporten i april, seinare ein gong i månaden, som er det vanlege. Rapportane vert brukt internt på skulen, og er oppe til diskusjon på rektormøta.
- 9) Ja
- 10) Postane vedkomande tekniske tenester/bygningsdrift bør ikkje ligge inne på budsjetta til einingane. Dette er postar ein einingsleiar/rektor ikkje kan gjere noko med. Posten bør kunne ligge i ein felles pott for skulane.

Velledalen, 05.05.09.

Med helsing

Jon Inge Brunstad  
rektor



Otto Magne Strømmegjerde  
<otto.magne.strømmegjerde  
@sykkylven.kommune.no>  
05.05.2009 15:13

To <kontrollutvalg@kontrollutvalg.no>  
cc  
bcc

Subject Svar på brev av 27.04.2009.

Såg over rettskrivinga og retta litt. Bruk denne versjonen.



**Sykkylven kommune**  
Tandstad skule

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat  
v/ Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato:  
Vår ref.:  
Klassering:

Saksbeh.: Otto-Magne Strømmegjer  
Telefon: 70246850.

### **Svar på spørsmål frå Kontrollutvalsekretariatet**

- 1) Driftsbudsjettet for 2008 vart eg gjort kjent med 1 april- 08. På rekneskapsrapporten for same månaden vart eg for første gong også presentert posten "reserverte tilleggsløyvingar". Kva som låg i dette ,var uklart til over sommarferien.
- 2) Tala som vart lagt inn hausten -07, etter konsekvensjustert budsjett, var realistiske. Vi fekk vite at skulane skulle ha same driftsnivået i 2008 som i 2007, det vart ikkje signalisert auke, men heller ikkje reduksjon. Så kom driftsbudsjettet for 2008/ rekneskapsrapporten for april der reserverte tilleggsløyvingar vart kome inn, utan at rektorane var varsle. Det var lagt inn ein felles reduksjon for skulane på 1,5 mill. Utifrå dette vart ikkje budsjetta lenger realistiske. Situasjonen vart ikkje betre av at ein tredjedel av året var gått utan at vi visste kva og korleis denne reduksjonen var tenkt. Saka vart teke opp fleire gonger frå rektorkollegiet med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabsjef.
- 3) Kommunestyret ga klare meldingar om at aktiviteten i skulane skulle vere det same i 2008 som i 2007.Det same uttalte ordførar Jan Kåre Aurdal i Sykkylvsbladet og Fungerande rådmann Dag Flacke i møte med rektorkollegiet. Reduksjonen kom i talbudsjettet som omtalt tidlegare.
- 4) Det var ikkje avvik mellom skulen sitt budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt forslag før reserverte tilleggsløyvingar vart presentert i april -08. Rektorane fekk også til svar frå fungerande rådmann at dei reserverte tilleggsløyvingane ikkje ville føre til reduksjon for einingane.

- 5) Vi har ein god tradisjon der politikarar og leiarar i Sykkylven møtest til budsjettkonferanse. Fram til budsjettframlegget var vi aktivt med. Etter at budsjettframlegget var ferdig vart det gjort budsjettmessige nedskjeringar utan at vi vart tekne med i denne vurderinga.
- 6) Generelt var det eit dyrt lønnsoppgjer (adjunkt med opprykk og full ansiennitet steig td. med omlag 26000 kr i årsløn), administrasjonsressursen vart utvida, rektor fekk regulert lønn og etterbetalt for eit heilt år. Samla effekt for Tandstad skule omlag 150000kr. Timetalsauken på 5 timer i veka for småskulesteget vart ikkje dekt inn .Samla effekt for Tandsatd skule omlag 100000 kr.Auka behov for spesialundervisning ma. elev med utsett skulestart og krav på spesialundervisning. samla effekt for Tandstad skule omlag 75000 kr.Desse postane er vanskelege å redusere, slik at det måtte kuttast så mykje som råd på andre postar, utan at det var råd å kutte nok til å kome ned på budsjetttnivået.
- 7) Rapportane skulane fekk i april-08, der reserverte tilleggsløyvingar var kome inn, vart teke opp i møter med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabsjef. For min del ga desse møta ikkje noko forklaring på nedskjeringane, og eg såg at det ville vere umogeleg å oppretthalde driftsnivået på Tandstad skule med 2007 som mal. For Tandstad skule resulterte det i reduksjon på timetalet til ordinær undervisning og til delingstimar. Desse kutta dekte likevel ikkje inn utgiftsauken som eg har gjort greie for i punkt 6.
- 8) I 2008 mottok eg den første rekneskapsrapporten i april. Deretter ein gong i månaden som er det vanlege. Rapportane vert brukt internt på skulen, og er oppe til diskusjon på rektormøta. Rekneskapsrapportane er ein viktig styringsreidskap i den daglege økonomiske drifta.
- 9) Ja.
- 10) Postane vedkomande skuleskyss og tekniske tenester/bygningsdrift bør ikkje ligge inne på budsjetta til einingane. Dette er postar ein einingsleiar/rektor lite kan gjere noko med. Desse postane bør kunne sorterast over felles pott. Dersom noko er uklårt eller treng utdjuping, står eg til disposisjon på telefon 70 24 68 50 eller 99 26 99 23.

Med helsing

Otto-Magne Strømmegjerde  
rektor



## Sykylven kommune

Servicetorget

Sunnmøre Kontrollutvalsekreteriat IKS  
P.b. 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:	Vår dato:	04.05.2009	Saksbeh.:	Sunnøve Hunnes
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2008/1004-3751/2009	Telefon:	70 24 66 56
	Klassering:	150		

### **Svar på spørsmål frå Sunnmøre Kontrollutvalsekreteriat AS**

#### **1. Når vart det vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane?**

Budsjett for 2008 vart gjort kjend etter at kommunestyret hadde gjort sitt vedtak i kommunestyret 17.12.07.

#### **2. Var budsjettet for år 2008 realistisk?**

Budsjett for servicetorget åleine var realistisk sett i forhold til dei få utgiftene utanom lønn som er inkludert i denne drifta. Innan andre fellesutgifter derimot var det ikkje sett av nok midlar, dvs. annonsering, porto, div anna kontormateriell. Etter mi forståing hjå rådmann skulle desse pengane bli overført frå einingane sine budsjettområde til andre fellesutgifter. Vedkomande driftsområdet politikk så gjorde ein politisk vedtak innan driftsåret som fekk konsekvensar.

Vedkomande fellesutgifter vart det i år 2007 endra rutiner for blant anna annonsering og porto. Servicetorget stod for ei felles organisering av desse driftsområda.

Når det gjeld driftsområdet politikk så vart det tilvist det som politikarane sjølv hadde gjort vedtak om endring på i løpet av året 2008.

#### **3. Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?**

Servicetorget vart etablert medio 2006 og fekk sitt første driftsbudsjett for 2007. Fleire driftsområde innan andre fellesutgifter vart lagt til Servicetorget, medan resten av drifta var område som var bestemt skulle ligge til eininga gjennom omorganiseringsprosjektet frå 2005.

#### **4..Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt budsjettforslag?**

Einingane fekk pålegg om å legge fram budsjett innan ei ramme. Overskridigane innan fellesutgifter hadde eg forståing for skulle bli teke frå dei andre "einingane sine budsjett" på områda. Eg la også dette til grunn i budsjettcommentaren min til rådmannen i oktober 2007.

#### **5.Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?**

Postadresse:	Rådhuset, 6230 Sykkylven	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Rådhuset, Kyrkjevegen	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA

Det vart halde budsjettkonferanse i august. Vidare fekk vi legge fram budsjettforslag innanfor dei rammene formannskapet setje fram.

**6. Kvifor vart det budsjettoverskriding i Dykkar eining?**

Overskridingar skuldast fellesutgifter. Politikk.

**7. Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?**

Budsjettsprekken når det gjaldt fellesutgifter synte seg fort. Kvar veke har rådmannsteamet møte med einingleiar servicetorget og stabssjef. Her vart meirforbruket gjort kjent.

**8. Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta De desse rapportane?**

Eg mottok rapport første gong i april 2008, gjeldande dei 3 første driftsmånadane. Eg har brukt dei til å samanlikne rekneskap med budgett.

**9. Kjenner De til kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til Dykk?**

Ja.

Ja.

**10. Andre forhold som De ynskjer å kommenter.**

Det har ikkje vore tydeleg nok plassering av ansvar når det gjeld utgifter som vedkjem fellesskapen. Eg meinar at vi bør samle ein del fellesutgifter, men rammene og retningslinjene for å setje i gang har ikkje vore godt nok kvalitetssikra. Det meinar eg vi har gjort og jobbar for å få til i dag.

Med helsing

Synnøve Hunnes  
Synnøve Hunnes



Sunnmøre kontrollutvalssekretariat  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato: Vår dato: 04.05.2009 Saksbeh.: Anna Vold  
Dykkar ref.: Vår ref.: 2008/1004-3753/2009 Telefon: 70 24 68 66  
Klassering: 150

**Svar på spørsmål frå SKS vedkomande rekneskapsresultat,  
budsjettoverskridningar, økonomisk rapportering m.m. frå Ramstaddal skule**

**1. Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjend i einingane?**

I april 2008.

**2. Var budsjettet for 2008 realistisk ?**

Ja, men tala vart endra. I april var posten "reserverte tilleggsløyvingar" med på budsjettkontrollen.  
Uklart kva denne innebar.

**3. Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sitt vedtak om  
aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?**

Kommunestyret formidla uendra aktivitetsnivå i høve til 2007, men talmaterialet viste nedgang.

**4. Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannen/formannskapets  
budsjettforslag?**

Nedskjeringane kom i etterkant av budsjettprosessen.

**5. Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?**

Deltok på budsjettkonferansen i august.

Budsjettet til einingane blei redusert utan at einingane fekk melding før i april.

**6. Kvifor vart det budsjettoverskridningar i dykkar eining?**

Overskridinga på kr 37 000 kom som følgje av eit dyrt lønsoppgjer, og etterbetaling til administrasjon.

**7. Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og  
vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?**

Eg reduserte lønsutgifter tilsvarande ei 20 % stilling frå august 2008. Overskridinga vart ikkje førutsett før desember 2008. Då var det for seint å endre noko.

**8. Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta De desse rapportane?**

Rapportane blei mottekne kvar månad frå april 2008. Rapportane blei nytta til å vurdere driftssituasjonen. Vart også nytta i diskusjonar på rektormøta.

**9. Kjenner de kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til dykk.**

Ja.

**10. Andre forhold som De ynskjer å orientere om.**

Rektor rår i liten grad over postane skuleskyss og internkjøp. Postane bør ligge i felles pott for skulane.

Med helsing

Anna Vold  
rektor



## Sykkylven kommune

Blakstad barnehage

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 07.05.2009  
Vår ref.: 2008/1004-3918/2009  
Klassering: 150

Saksbeh.: Gretelill Vågsæther  
Telefon: 70 24 68 32

### Svar på spørsmål vedk. budsjettoverskridinger.

- **Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane?**  
Budsjettet for 2008 var tilgjengelig for einingane etter kommunestyremøtet 17.12.07, då budsjettet vart vedteke av kommunestyret.
- **Var budsjettet for 2008 realistisk?**  
Eg er av den meining at budsjettet for Blakstad barnehage var realistisk på det tidspunktet det vart vedteke.
- **Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?**  
Drifta ved Blakstad barnehage er tufta på kommunestyret sine vedtak, samt på dei gjeldane lover og reglar. Bemanninga ligg på minstenorma for drift av barnehagar jf. Barnehagelova.
- **Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannens/formannskaps sitt budsjettforslag?**  
Nei.
- **Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?**  
Budsjettprosessen var bra, men undervegs i året vart det gjort endringar som eg ikkje blei informert om.
- **Kvífor vart det budsjettoverskridinga i Dykkar eining?**  
Budsjettoverskridingane ved Blakstad barnehage skyldast løn. For det første vart det ein lønsauke utover det som det var budsjettert i dei sentrale og lokale lønsforhandlingane. For det andre fekk eg som styrar eit lønshopp og etterbetaling av løn frå 01.01.07. Styrarane fekk i lønsforhandling med kommunen i september 2008, forhandla fram ein lønsauke og etterbetaling som tidligare nemnt.
- **Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?**  
Den store sprekken vart tydeleg først etter at resultatet av dei sentrale og dei lokale lønsforhandlingane var kjende. Kommunelæringa vart då gjort munnleg kjent med konsekvensa av oppgjeret. Det er elles ikkje lagt opp til faste rutine for oppfølging og rapportering av slike avvik.
- **Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta de desse rapportane?**

Det er ikke dokumentert om overskridingane i Dykkar eining vart oppdagat i einingane ved Blakstad barnehage. Skyldast løn.

Dostadrøssen Blakstad barnehage har ikke dokumentert korleis overskridingane i dei sentrale og lokale lønsforhandlingane vart oppdagat i einingane ved Blakstad barnehage. Skyldast løn.

4045 07 01441

Kvar månad frå medio mars. Desse vert gjennomgått med eit spesielt fokus på rekneskap og budsjett, og at løn skal utgjere 9% pr. mnd. Skjer det store avvik vil ein gå ytterlege inn i tala for å finne bakgrunnen for dette. Ein kan då nytte seg av EDB portalen.

- **Kjenner de til kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til Dykk?**  
Ja.
- **Andre forhold som de ønskjer å orientere om?**  
Nei.


Med helsing

*Gretelill Vågsæther*

Gretelill Vågsæther  
styrar

Kvar månad. Desse vert gjennomgått med eit spesielt fokus på

budsjett, og at løn skal utgjere 9% pr. mnd. Skjer det store avvik vil ein gå ytterlege inn i tala for å finne bakgrunnen for dette. Ein kan då nytte seg av EDB portalen.



## Sykkylven kommune

Tekniske tenester

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 07.05.2009  
Vår ref.: 2008/1004-3905/2009  
Klassering: 150

Saksbeh.: Bjarte Hovland  
Telefon: 70 24 67 04

### Tekniske tenester - svar på spørsmål frå kontrollutvalet

Viser til dykkar førespurnad datert 27.04.09, der eg ved dykkar epost av 05.05.09 fekk forlenga svarfristen ut veka. Eg skal med dette prøve å svare på dei spørsmåla De ynskjer svar på.

#### Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i eininga ?

Alle einingsleiarane var oppmoda om å møte på kommunestyret sitt budsjettmøte. Eg var tilstades, og vart slik direkte informert om vedtaket.

#### Var budsjettet for 2008 realistisk ?

Ja, der var inga beivist underbudsjettering. Men det var eit budsjett nedpint i ramma og med lite/ingen driftsmarginar. Kostnadsauken t.d. innan privat tenesteyting var på viktige område som bygg /veg / anlegg større enn den prisauken som det vart kompensert for.

#### Er eininga sitt budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i eininga som ikkje er klarerte ?

Ikkje klarert ? Kva skulle det vere ? Her er så mykje innsyn i kva vi held på med at eg mest ikkje forstår spørsmålet. Eg reknar i alle høve med at adm. leiing kjenner/ gjer seg kjend med vår aktivitet, og om der skulle vere misstolkingar vidare mot kommunestyret, så ville dette verte kommentert.

Eg har i alle høve trudd at mi oppfatning av kva eg skulle/kunne gjere i 2008, og kva eg faktisk utførte, også var i samsvar med overordna si vilje/ meining.

#### Var det avvik mellom eininga sitt budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt budsjettforslag ?

Nei. Vi hadde for driftsbudsjettet plikt å tilpasse oss ei ramme. At der i tiltaksbudsjettet vart gjort fleire forslag om ytterlegare aktivitet, som ikkje fekk tilslutnad, er ei anna sak.

#### Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen ?

Når rammene tilseier eit minimum, kan ein lett få følelse av å ha lite val. Det er likevel klart at einingsleiar er sentral innan si ramme. Eg har ikkje grunnlag for å føle meg "tilsidesett".

#### Kvífor vart det budsjettoverskriding i Dykkar eining ?

Mestedelen skuldast områda byggvedlikehald og vegvedlikehald.

For ansvar 4140 og 4141 (kommunale bygg) vart det i budsjethandsaminga oppretta nye ansvar for lønn til vaktmeistrar (4142) og reinhaldarar (4143). Ved ein "datafeil" vart det ikkje automatisk rekna arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie for dei nye områda. Dette i motsetnad til slik der er/var for alle dei andre ansvara i kommunen sitt budsjett. Feilen medførte eit budsjettavvik på ca 1,08 mill.

Teknisk forstod situasjonen slik at denne "feilprogrammeringa" ikkje var teknisk sitt ansvar å rette opp, då den var utilsikta. Dette vart lagt til grunn i dei seinare budsjettvurderingar i høve dei månadlege

rapportane, også kommentert og vurdert slik i drøftingane kring budsjettet for år 2009. Området fekk likevel eit mindre meirforbruk utover dette på ca 356.000 (av dette kr 263.000 til enegi), men i likevel kontrast til at rekneskapen viser 1.442 mill.

Vegvedlikehaldet (ansvar 4160, post 230 og 250) sitt meirforbruk er på ca 1,16 mill.  
Pr. 16. mai 2008 vart stipulert oveforbruk rapportert til ca kr 500.000 .

Ved budsjekontrollen pr. nov. 08 hadde overskridninga nådd kr 156.581. Årsresultatet (- 1.159.766) vart klart meir enn forventa, sjølv om uvissa er stor når t.d. berre innleigd brøytehjelp ved snøfall kostar ca kr 100.000 pr. døgn.

Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte ?

Ved rekneskapsrapport pr. april melde eg (som nemnd) tilbake om overforbruk pr. veg stipulert til kr 500.000.

Manglar knytt til byggvedlikehald var då ikkje med. Områda 4142 (vaktmeister) og 4143 (reinhald) var ikkje medtekne i dei uteverste budsjettrapportane. At der var for lite lønn på 4141 (byggvedl.) gav ikkje grunn til uro, då Teknisk hadde grunn til å tru at midlane låg som føresett i budsjettvedtaket innan ansvar 4142 og 4143, og då med slike summar som innmelde lønnsbehov tilsa.

I samråd med rådmannen vart tilsett i ledig stilling som fagarbeidar (veg) avbroten i juli 2008. Som tidlegare nemnd feilbedømde vi behovet innan vegvedlikehald, men utover dette fekk eg inntrykk av at dei månadlege budsjettrapportane ikkje gav større uro enn at pårekneleg sluttrekneskap samla sett for kommunen var under kontroll.

Korleis dette vart ført vidare "oppover i systemet" (til fsk ?, kst ?) kjenner eg ikkje detaljane for, men eg oppfatta teknisk si vidareføring av aktivitet og tenestenivå som akseptert.

Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta de desse rapportane ?

Månadleg. Rapportane vart vidaresendt til dei med "bestillingsrett" rutinemessig, og t.d. gjort kjende i eininga, den 20.08.08 ved epost med slik lydnad:

*"Hjå Kirsten ligg no forbruksrapporten pr. juli 08. Det er (all) grunn til å sjå på utgiftssida. Før du bestiller nytt innan ditt delområde, må det no sjekkast (med meg) om etaten samla har råd, jf. postar der det alt er overforbruk. Mvh BJH"*

Innkjøpsstopp vart ikkje innført. Minimum av forbruk held fram. Det vart ikkje vurdert å gjere stellingsreduksjonar, utover at prosessen med nyttilsetting vart stoppa.

Kjenner de til kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til Dykk ?  
Ja.

Andre forhold som de ønskjer å orientere om ?

Eg har gjort greie for mitt inntrykk. Kanskje tok eg feil i mitt inntrykk av at teknisk si tilpassing av driftsnivå for å redusere påreknelege budsjettoverskridinger var akseptert av adm. og pol. leiing ? Men då har det kanskje heller ikkje vore gitt tydelege nok signal tilbake.

Også med omsyn til kapitalbudsjettet ser eg i ettertid at det hadde vore ei føremon om premissane for iverksetting var tydlegare (bestiller/utfører-modell tolkinga). Er t.d. utførar ansvarleg for budsjettdekning "uansett" kven som bestiller ?

Med helsing

Bjarte Hovland  
Einingsleiar

Kopi til:  
Rådmannen



## Sykkylven kommune

Vik skule

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat  
v/ Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 04.05.2009  
Vår ref.: 2008/1004-3694/2009  
Klassering: 150

Saksbeh.: Edna Lillebø Krøvel  
Telefon: 70 24 68 46

### Svar på spørsmål frå Kontrollutvalsekretariatet

- 1) Budsjett for 2008 vart eg gjort kjent med i april- 08. På den rekneskapsrapporten vart eg for første gong også presentert posten "reserverte tilleggsløyvingar". Kva som låg i dette ,var uklart til over sommarferien.
- 2) Tala som vart lagt inn hausten -07, etter konsekvensjustert budsjett, var realistiske. Vi fekk vite at skulane skulle ha same driftsnivået i 2008 som i 2007, det vart ikkje signalisert auke, men heller ikkje reduksjon. Så kom rekneskapsrapporten for april der reserverte tilleggsløyvingar vart kome inn, utan at vi var varsia. Det var lagt inn ein felles reduksjon for skulane på 1,5 mill. Utifrå dette vart ikkje budsjetta lenger realistiske. Situasjonen vart ikkje betre av at ein tredjedel av året var gått utan at vi viste kva og korleis denne reduksjonen var tenkt. Saka vart teke opp fleire gonger i rektorkollegiet med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabsjef.
- 3) Kommunestyret gå klare meldingar om at aktiviteten i skulane skulle vere det same i 2008 som i 2007.
- 4) Det var ikkje avvik mellom skulen sitt budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt forslag før reserverte tilleggsløyvingar vart presentert i april -08. Rektorane fekk også til svar frå fungerande rådmann at dei reserverte tilleggsløyvingane ikkje ville føre til reduksjon for einingane.
- 5) Vi har ein god tradisjon der politikarar og leiarar i Sykkylven møtest til budsjettkonferanse. Fram til budsjettframlegget var vi aktielt med. Etter at budsjettframlegget var ferdig vart det gjort budsjettmessige nedskjerings utan at vi vart tekne med i denne vurderinga.
- 6) Generelt var det eit dyrt lønnsoppgjer, administrasjonsressursen vart utvida, rektor og inspektør fekk regulert lønn og etterbetalt for eit heilt år, timetalsauken på 5 timer i veka for småskulestegnet vart ikkje dekt inn. For Vik skule utgjorde skuleskyssen den største delen av overskridninga. Eg hadde ikkje budsjett til å dekke dei vedtaka rådmann gjorde om skuleskyss, og budsjettposten vart heller ikkje korrigert etter vedtak.
- 7) Rapportane skulane fekk i april-08, der reserverte tilleggsløyvingar var kome inn, vart teke opp i møter med fungerande rådmann, kommunalsjef og stabsjef. For min del ga desse møta ikkje noko forklaring på nedskjeringane, og eg såg at det ville vere umogeleg å oppretthalde


driftsnivået på Vik skule med 2007 som mål. For Vik skule resulterte det i reduksjon på timetalet. Ei hell stilling vart teken vekk frå august 2008.

- 8) I 2008 mottok eg den første rekneskapsrapporten i april. Der etter ein gong i månaden som er det vanlege. Rapportane vert brukt internt på skulen, og er oppe til diskusjon på rektormøta.
- 9) Ja
- 10) Postane vedkomande skuleskyss og tekniske tenester/bygningsdrift bør ikkje ligge inne på budsjettet til einingane. Dette er postar ein einingsleiar/rektor lite kan gjere noko med. Desse postane bør kunne sortere over felles pott

Med helsing



Edna Lillebø Krøvel  
rektor



Sunnmøre kontrollutvalsssekretariat  
Postboks 7881 Spj.vik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:	Vår dato:	05.05.2009	Saksbeh.:	Tor Ove Myrseth
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2008/1004-3797/2009	Telefon:	70 24 68 64
	Klassering:	150		

## **Svar på spørsmål vedkommande rekneskapsresultat, budsjettoverskridinger og økonomisk rapportering frå Hundeidvik skule**

### **1. Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane?**

I april 2008.

### **2. Var budsjettet for 2008 realistisk ?**

Ja, men tala vart endra. I april var posten "reserverte tilleggsløyvingar" med på budsjettkontrollen. Uklart kva denne innebar.

### **3. Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sitt vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?**

Kommunestyret førmidla uendra aktivitetsnivå i høve til 2007, men talmaterialet viste nedgang.

### **4. Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannen/formannskapets budsjettforslag?**

Det var ikkje avvik mellom skulen sitt budsjettforslag og rådmannen sitt forslag før reserverte tilleggsløyvingar vart presentert i april 08. Rektorane fekk også til-svar frå fungerande rådmann at dei reserverte tilleggsløyvingane ikkje ville føre til reduksjon for einingane.

### **5. Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?**

Deltok på budsjettkonferansen i august.

Budsjettet til einingane blei redusert utan at einingane fekk melding før i april.

### **6. Kvifor vart det budsjettoverskridinger i dykkar-eining?**

Overskridingen på kr. 295.319,- kom som følgje av eit dyrt lønsoppgjer, etterbetaling til administrasjon og at reserverte tilleggsløyvingar måtte takast inn.

**7. Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdagat og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?**

Når skulane fekk rapportane der reserverte tilleggsløyvingar var kome inn, såg eg at det ikkje ville vere mogleg å opprettholde driftnivået på Hundeidvik skule med 2007 som mal. For Hundeidvik skule resulterte det i reduksjon på timetalet, og ei 40 %-stilling vart tekken vekk frå august 2008.

**8. Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta De desse rapportane?**

Rapportane blei mottekne kvar månad frå april 2008. Rapportane blei nytta til å vurdere driftssituasjonen. Vart også nytta i diskusjonar på rektormøta.

**9. Kjenner de kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til dykk.**


Ja.

**10. Andre forhold som De ynskjer å orientere om.**

Rektor rår i liten grad over postane skuleskyss og internkjøp. Postane bør ligge i felles pott før skulane.

Med helsing

Tor Ove Myrseth  
rektor



Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS  
postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:	Vår dato:	05.05.2009	Saksbeh.:	Margit Aure Overå
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2008/1004-3773/2009	Telefon:	70 24 59 90
	Klassering:	150		

### **Svar på spørsmål frå Sunnmøre Kontrollutvalsekreteriat vedr. rekneskapsresultat Buas 2008.**

1. Vedteke budsjett for 2008 vart kjent for einingane når kommunestyre gjorde sitt vedtak 17.12.2007.
2. Grunna ekstraløyvingar som Buas fekk i juni 2007, hadde denne eininga eit realistisk budsjett ut frå forventa driftsnivå i 2008.
3. Einings sitt aktivitetsnivå er i samsvar med det kommunestyre bestemte. Det var i 2008 ingen aktivitetar i denne eininga som ikkje var klarert.
4. Nedskjeringa kom etter vedteke budsjett for 2008, saka var oppe i juni/juli for politisk behandling då budsjettet vart redusert med 1 000 000. Det vart informert frå administrasjonen at eininga ville likevel klare å halde budsjettet ut året utan større reduseringer i drifta. Einingsleiar var usikker på konsekvensen av denne avgjersla og gav uttrykk for at ny handsaming av saka i august/september kunne vere meir teneleg.
5. Budsjettkonferanse i august 2007, vi kunne legge fram budsjettforslag innan for rammene vi fekk frå formannskapet.
6. Overskridinga skuldast budsjettreduksjon på 1 000 000. Reduksjonen vart gjort då det såg ut til at eininga gjekk godt, og hadde eit mindreforbruk fram til juni, før ferieavviklinga. Men med ei heildøgnscrift, ferieavvikling, sjukemeldingar og mangel på fagfolk gjennom sommaren såg vi at det vart større overskridingar på overtid og ekstrahjelp. Dette grunna pålegg om forsvarleg drift etter Kommunehelselova.
7. Vi har ingen faste rutiner for oppfølging og rapportering opp over i systemet, budsjettsprekken vart oppdaga i oktober. Frå hausten 2008, prøvde vi å køyre drifta med redusert bemanning, dvs. utan vikar ved sjukdom eller permisjonar. Dette vart kunn gjort då drifta kunne tillate det. Grunnbemanningsa er i dag betre enn den var i 2006, men redusert bemanning over tid gir berre nye sjukmeldingar grunna meir fysisk belastning i utføring av yrket.
8. Rekneskapsrapporten vart motteken medio kvar månad, hadde avtale med økonomiavdelinga om gjennomgang av rapporten og diskuterte ulike tiltak ut frå det rapporten viste. Desse møta hadde vi nesten kvar månad.
9. Ja.  
Ja.

10. Grunna at pleie og omsorgstenesta som vi yter til innbyggjarane i kommunen vert regulert av kommunehelselova, vil det verte konflikt mellom ressursar og innbyggjarane sitt behov for tenester.

Med helsing

MA. Overå

Margit Aure Overå  
einingsleiar



## Sykylven kommune

Vik barnehage

Sunnmøre kontrollutvaltssekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykker dato: Vår dato: 30.04.2009 Saksbeh.: Mette Hansen Brenne  
Dykker ref.: Vår ref.: 2008/1004-3600/2009 Telefon: 70 24 68 31  
Klassering: 150

### Svar på spørsmål vedk. budsjettoverskrideringar.

#### 1. Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjen for einingane?

Budsjettet var tilgjengeleg for einingane etter at kommunestyret hadde gjort sitt vedtak i budsjettsaka i kommunestyremøte den 17.12.07.

#### 2. Var budsjettet for 2008 realistisk?

Da budsjettet vart vedteke, var dette etter mi meining realistisk.

#### 3. Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak kom aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?

Drifta av barnehagen er tufta på kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå. Dette svarer og til minstenorma for drift av barnehagar jf. Barnehagelova.

#### 4. Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannens / formannskapets sitt budsjettforslag?

Nei.

#### 5. Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?

Prosessen i forkant følte eg var bra. Men undervegs i året vart det gjort endringar som ikkje eg fikk melding om.

#### 6. Kvifor vart det budsjettoverskriding i Dykker eining?

Lønnsauke utover det som var budsjettert i dei sentrale og lokale lønnsforhandlingane. Etter omstruktureringa av Sykkylven kommune i 2006 vart det brot i lønsforhandlinga mellom styrarane og kommunaleiinga. Denne forhandlinga vart ikkje tatt opp igjen før i september 2008. Styrar fikk auka si lønn og tilbakebetalt lønn frå 01.01.07. Kommunaleiinga styrte denne prosessen. Dette var vesentlege årsaker til at budsjettet i 2008 sprakk.  
Vi har ingen moglegheit til å påverke budsjettposten lønn.

#### 7. Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?

Den store sprekken vart tydleg først etter at resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane og etterbetalinga av desse vart kjende. Dette vart kommunaleiinga munnleg kjent med. Rådmannen var aktivt med i desse forhandlingane.

Det er elles ikkje lagt opp til rutine for oppfølging og rapportering av slike avvik.

**8. Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nytta de desse rapportane?**

Kvar månad frå medio mars.

Desse vart gjennomgått med eit spesielt fokus på rekneskap og budsjett, og at lønn skal utgjere 9% pr. månad. Skjer det store avvik vil ein gå ytterleie inn i tala for å finne bakgrunnen for dette. Ein kan og nytte EDB portalen.


**9. Kjenner de til kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til Dykk?**


Ja.

**10. Andre forhold som de ønskjer å orientere om?**

Nel.

Med helsing

  
Mette Hansen Brenne  
styrar



**Sykkylve  
n  
kommune**  
Stabseininga

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:	Vår dato:	04.05.2009	Saksbeh.:	Arlid Bergström
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2008/1004-3683/2009	Telefon:	70 24 66 00
	Klassering:	150		

### **Spørsmål frå Kontrollutvalssekretariatet**

Eg viser til Dykkar brev datert 27. f.m.

#### Når vart vedteke budsjett for 2008 gjort kjent i einingane?

Kommunene nyttar budsjetteringssystemet "Arena". Dagen etter at kommunestyret hadde fastsett budsjettet for år 2008 vart Arena oppdatert. Svaret må derfor vere 18. desember 2008. Den dagen hadde eg høve til å ta utskrift av budsjettet for kommunen eller budsjettet for eininga mi.

Alle einingar vart orientert om dette.

I samband med mottak av budsjettkontrollrapport for februar 2008 var også kommunens sitt rekneskapssystem oppdatert med budsjettet for år 2008.

#### Var budsjettet for år 2008 realistisk?

Kva legg De i omgrepet realistisk?. Realistisk i høve til rekneskapsførte utgifter i år 2007 eller realistisk i høve til rekneskap for 2007 samanhelde med endringspålegg? I svaret legg eg slik forståing til grunn:

Realistisk budsjett:

Utgangspunkt stipulert rekneskap for 2007 tillagt auke for nye aktivitetar og fråtrekt pålegg om reduksjonar for år 2008.

Vedkomande fellesutgifter (EDB/Telefoni i hovudsak) vart det i år 2007 sett i verk drift av nye løysingar utan at det i budsjettet for dette området vart gitt tilleggsøyvingar i 2007 eller gitt auka ramme for år 2008. Dette innebar ei sterk effektivisering i år 2007/2008.

Budsjettprosessen bygde på framskriving av budsjettala for år 2007 med eitt unntak. Lønnskostnader vart oppdatert ut frå lønnssystemet.

For driftspostane var dermed tala "realistiske" i 2008 i den grad dei var "realistiske" i 2007. Det var rett store overskridningar vedkomande fellesutgifter i år 2007 og dermed grunn til å forvente at det same kunne skje i år 2008.

Postadresse:	Rådhuset, 6230 Sykkylven	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse	Rådhuset, Kyrkjevegen	Telefaks	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
:		:			
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365
				MVA	

Er einingane sine budsjett eit resultat av kommunestyret sine vedtak om aktivitetsnivå eller er det aktivitetar i einingane som ikkje er klarerte?

Budsjettforskrifta § 6., Årsbudsjettets innhold og inndeling seier at:

I tilknytning til bevilgningen skal kommunestyret eller fylkestinget angi mål og premisser knyttet til bruken av bevilgningen.

Utan å gjere dette til noko argument vil eg berre påpeike at nett mål og premissar er mindre framtredande i budsjettet våre – tillike med flestalle kommunebudsjett eg ser for andre kommunar.

Budsjettssystemet vi nyttar for år 2008 inneheldt ein konsekvensjusteringsdel og ein tiltaksdel. I konsekvensjusteringsdelen skal vi konsekvensjustere budsjettet for året før. Rammene som vart gitt eininga min tillot ikkje fullt ut dette (overskridningar over fleire år vedkomande fellesutgifter).

Vedkomande "tiltak" så hadde vi fremja som tiltak opprettiging av ei stilling. Dette vart ikkje vedteke og stillinga ei heller oppretta.

Var det avvik mellom einingane sine budsjettforslag og rådmannen/formannskapet sitt budsjettforslag?

Einingane fekk pålegg om å legge fram budsjett innan ei ramme. Denne prosessen eliminerer den situasjonen at eininga kan legge fram forslag som vert stroke av rådmannen/formannskapet.

Ev trong for midlar utanom ramme måtte ein så ev føre opp i tiltaksdelen.

Kor stor påverknad hadde De i budsjettprosessen?

Før formannskapet sette rammene vart det halde ein budsjettkonferanse. Her fekk alle einingane høve til å kome fram med ønskjer i samband med fastsetting av rammene.

Kvífor vart det budsjettoverskriding i Dykkar eining?

Eg viser til det som er skrive ovanfor.

Kva gjorde De når De såg at budsjettet ikkje ville halde, når vart dette oppdaga og vart overskridingane rapportert oppover i systemet og kor ofte?

Budsjettsprekken når det galdt fellesutgifter synte seg fort. Kvar veke har rådmannsteamet møte med einingleiar servicetorget og stabssjef. Gjennomgang av drift er eit eige tema på dette møtet. Her vart meirforbruket gjort kjent.

Frå mi side vart det halde fram at einsidig budsjettfokusing (halde budsjettet for "einkvar pris") frå mi side ville kunne gi driftsproblem hjå einingane. Problem som kunne medføre større kostnader enn mi innsparing.

Rådmannen heldt fram dette i sak om rapportering vedkomande budsjettgjennomføring 2008 pr april:

Adm sentralleiling:

Ansvara for rådmannsteam, servicetorg og stab synet godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Det er fellesutgifter som synet meirforbruk. Val av tiltak for å halde budsjettet må ikkje vere slik at einingane ein skal serve får større utgifter enn verknaden av innsparingane.

I møta utetter vart dette ofte kome inn på. Driftspålegget vart å drifta Fellesutgifter med så små overskridningar som råd var.

Kor ofte mottok De rekneskapsrapportar og korleis nyttar De desse rapportane?

Frå og med mars (rekneskap pr februar) har stabseininger kvar månad også sendt seg sjølv rekneskapsrapportar som syner

- Budsjettendringar/omdelsponeringar
- Rekneskap hittil i år
- Revidert budsjett
- Restbeløp
- %-vis bruk av budsjettet for i år
- %-vis bruk av fjorårsbudsjettet på same tid i fjor

Rapport etter kvar månad er som hovudregel motteke den 15. i månaden etter.

Rapportane vert først nyttar ved intern gjennomgang av rekneskapen for månaden før og deretter nyttar som grunnlag for prognose og grunnlag for framlegg om tiltak i møte med rådmannsteamet.

Kjenner De til kommunen sitt økonomireglement og er dette utlevert til Dykk?

Ja det er kjent.

Med helsing

Arild Bergström  
stabssjef

Kopi til:  
Ole-Johan Lillestøl  
Dag Flacké  
Eldrid Suorza



Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat  
Postboks 7881 Spjelkavlk  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 05.05.2009  
Vår ref.: 2008/1004-3775/2009  
Klassering: 150

Saksbeh.:  
Telefon:

Liv Alme


### **Svar på spørsmål frå Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat**

1. Budsjettet vart gjort kjent på nyåret, utan at eg har eksakt dato.
2. NAV Sykkylven vart etablert i oktober 2007, og då var budsjettprosessen for 2008 i gong. NAV-leiar var ikkje involvert i dette arbeidet. Budsjettforslaget for NAV Sykkylven vart sett opp med bakgrunn i 2006/2007-rekneskap for deler av sosialtenesta. NAV Sykkylven var ei ny eining, og dette var det beste tilgjengelege grunnlaget som var å bygge på.
3. NAV Sykkylven sin aktivitet er basert på partnarskapsavtalen mellom Sykkylven kommune og NAV Møre og Romsdal, og denne avtalen er vedteken i kommunestyret. I tillegg er det Lov om sosiale tenester som heimlar utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Når det gjeld vedtak om økonomisk sosialhjelp, følger vi staten sine rettleiande satsar. Vi har ingen aktivitet som ikkje er avklart.
4. Dette kjenner eg ikkje til.
5. Viser til punkt 2.
6. Årsakene til budsjettoverskridingen var fleire: utbetaling av sosialhjelp var høgare enn budsjettet og driftskostnadane var noko høgare.
7. Det vart klart på hausten 2008, at vi ville bruke litt meir pengar enn det som var budsjettet. Vi meinste at det var eit lite meirforbruk, og det vart derfor ikkje gjort tiltak for budsjettendring.
8. Rapportane kom kvar månad. Vi såg gjennom dei for å sjekke for forbruk mot budsjett.
9. Økonomireglementet er kjent.
10. Ingen spesielle.

Med helsing

*Liv Berit Alme*

Liv Berit Alme  
einingsleiar



## Sykylven kommune

### Tandstad barnehage

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
v/Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 Ålesund

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 01.05.2009 Saksbeh.: Randi Ludviksen Hole  
Vår ref.: 2008/1004-3643/2009 Telefon: 70 24 68 53  
Klassering: 150

### Kommentar til Sunnmøre kontrollutvalsekretariat vedr. rekneskapsresultat ved Tandstad barnehage i 2008.

Vedteke budsjett for 2008 vart kjent for einingane når kommunestyret gjorde sitt vedtak i budsjettsaka i kommunestyret den 17.12.2007.

Då budsjettet vart vedtatt, var dette etter mi meining eit realistisk budsjett.

Eininga sitt budsjett er eit resultat av kommunestyret sitt vedtak om aktivitetsnivå, noko som er minstenorma for drift i barnehagane jfr. Barnehagelova.

Eg vil ikkje påstå at det var eit avvik mellom dei ulike budsjettforsлага.

Prosessen var god i forkant, men undervegs i løpet av året, blir det gjort endringar på budsjettet ein ikkje får beskjed om.

Lønnsauke utover budsjettet er den vesentlege årsaka til barnehagen si budsjettoverskridning. Styrar fekk auka si lønn monarleg, og tilbakebetalt gjeldande frå 01.01.07. Kommuneleia styrte denne prosessen. Lønn har vi ingen mogelegheit til å påverke. Barnehagane i kommunen ligg på minstenorm når det gjeld personale. I tillegg budsjetterar vi med for høg foreldrebetaling. I utrekninga må ein ta høgde for ledige plassar og tap pga. syskenmoderasjon.

Den store sprekken vart først tydeleg etter at resultatet av dei lokale forhandlingane og etterbetaling til styrar vart kjende. Dette vart kommuneleia gjort mundleg kjent med. Det er elles ikkje lagt opp til oppfølging og rapportering av slike avvik.

Kvar månad frå medio mars fekk vi rekneskapsrapportar. Disse vart gjennomgått med spesielt fokus på budsjett og rekneskap. Der lønn skal utgjer e 9% pr. månad. Skjer det store avvik, vil ein gå ytterlegare inn i tala for å finne bakgrunnen for dette. I tillegg kan ein bruke EDB-portalen for å halde oversikt over situasjonen.

Kommunen sitt økonomireglement er utlevert og gjort kjent for einingane.

Med helsing

Randi Ludviksen Hole

Randi Ludviksen Hole  
styrar

Postadresse:	Tandstad barnehage, 6220 Straumgjerde	Telefon:	70 24 65 00	Bankgiro:	4045.07.01442
Besøksadresse:	Tandstad barnehage	Telefaks:	70 24 65 01	Bankgiro skatt:	6345.06.15287
E-postadresse:	postmottak@sykkylven.kommune.no			Org.nr.:	NO 964980 365 MVA



## Sykkylven kommune

Jarnes barnehage

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
v/Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 Ålesund

Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Vår dato: 01.05.2009  
Vår ref.: 2008/1004-3644/2009  
Klassering: 150

Saksbeh.: Randi Ludviksen Hole  
Telefon: 70 24 68 53

### Kommentar til Sunnmøre kontrollutvalsekretariat vedr. rekneskapsresultatet ved Jarnes barnehage i 2008.

Vedteke budsjett for 2008 vart kjent for einingane når kommunestyret gjorde sitt vedtak i budsjettsaka i kommunestyret den 17.12.2007.

Då budsjettet vart vedtatt, var dette etter mi mening eit realistisk budsjett.

Eininga sitt budsjett er eit resultat av kommunestyret sitt vedtak om aktivitetsnivå, noko som er minstenorma for drift i barnehagane jfr. Barnehagelova.

Eg vil ikke påstå at det var eit avvik mellom dei ulike budsjettforsлага.

Prosessen var god i forkant, men undervegs i løpet av året, blir det gjort endringar på budsjettet ein ikkje får beskjed om.

Jarnes barnehage gjekk ei lengre tid utan styrar og nødvendig pedagogisk personale i 2008. Dette er grunnen til barnehagen ikkje hadde budsjettoverskrideringar. Styrar fekk auka si lønn monarleg, og tilbakebetalt gjeldande frå 01.01.07. Kommuneføringa styrte denne prosessen. Lønn har vi ingen mogelegheit til å påverke. Barnehagane i kommunen ligg på minstenorm når det gjeld personale. I tillegg budsjetterar vi med for høg foreldrebetaling. I utrekninga må ein ta høgde for ledige plassar og tap pga. syskenmoderasjon.

Kvar månad frå medio mars fekk vi rekneskapsrapportar. Disse vart gjennomgått med spesielt fokus på budsjett og rekneskap. Der lønn skal utgjere 9% pr. månad. Skjer det store avvik, vil ein gå ytterlegare inn i tala for å finne bakgrunnen for dette. I tillegg kan ein bruke EDB-portalen for å halde oversikt over situasjonen.

Kommunen sitt økonomireglement er utlevert og gjort kjent for einingane.

Med helsing

Randi Ludviksen Hole

Randi Ludviksen Hole  
styrar

Postadresse: Jarnes barnehage, 6222 Ikornnes  
Besøksadresse: Jarnes barnehage  
E-postadresse: postmottak@sykkylven.kommune.no

Telefon: 70 24 65 00 Bankgiro: 4045.07.01442  
Telefaks: 70 24 65 01 Bankgiro skatt: 6345.06.15287  
Org.nr.: NO 964980 365 MVA

**ULLAVIK BARNEHAGE**

6230 SYKKYLVEN

5.5.2009

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS  
dagleg leiar Harald Rogne  
Postboks 7881 Spjelkavik,  
6022 ÅLESUND

Viser til Dykkar brev, dat. 27.4.2009.

- Budsjettet for 2008 vart vedteke i kommunestyret, 17.12.2007. Eg kan ikkje hugse dato for når budsjettet vart gjort kjent for meg. Men vil tru like før jul, eller rett etter nyttår.
- Budsjettet var ikkje realistisk, då det ikkje vart tatt høgde for lønnsjusteringar, vikarutgifter, samt ekstra feriedagar.
- Aktivitetsnivået ligg innanfor gjeldande ramme og tenestenivå. Men av budsjettomsyn har vi vanskar med å auke aktivitetsnivået, som er ønskjeleg.
- Ikkje større avvik enn ein kunne forvente.
- Budsjettprosessen var o.k. God dialog.
- Overskridingane skuldast i hovudsak lønnsjusteringar med tilbakebetaling frå 1.1.2007. Utgifter til vikarlønningar står ikkje oppført i budsjettet!
- Konkret var det uråd å justere innanfor eige budsjett. Det vart av administrasjonen ikkje tatt høgde for lønnsjusteringar, m.a. til styrarane. Elles freista eg å "spare" der det var mogleg.
- Mottok rekneskapsrapportar med jamne mellomrom, der avvika vart vurdert og tatt omsyn til så langt det var mogleg.
- Økonomireglementet er eg gjort kjent med.

Med helsing  
Ullavik barnehage

*Torunn Vik*

Torunn Vik  
styrar



Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato: Vår dato: 06.05.2009 Saksbeh.: Solfrid Hammernes Utgård  
Dykkar ref.: Vår ref.: 2008/1004-3854/2009 Telefon: 70 24 59 09  
Klassering: 150

### **Svar på spørsmål frå Sunnmøre kontrollutval**

- Vedteke budsjett for 2008 vart gjort kjent i eininga i budsjettmøte i kommunestyre i desember 2007.
- Budsjettet for 2008 var realistisk.
- Aktiviteter i eininga var klarert i kommunestyret.
- Det var ikkje avvik mellom eininga sitt budsjettforslag og rådmann/formannskapet sitt budsjettforslag.
- Har ein del påverknad i budsjettprosessen. Men den kan bli betre.
- Mottok rekneskapsrapportar kvar månad. Såg gjennom dei, prøvde å finn ut kva evnt avvik var. Men dette er eit arbeid ein nok må arbeide meir med.
- Eg kjenner til kommunens økonomireglement, og dette er utlevert til meg.
- Ønskjer ein bedre dialog med politikarane på kor aktivitetsnivået skal ligge, og at dei får ein betre forståelse i kva dette betyr ressursmessig.

Med helsing

*Solfrid H. Utgård*  
Solfrid Hammernes Utgård  
einingsleiar



Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Dykkar dato: Vår dato: 05.05.2009 Saksbeh.: Arild Vadseth  
Dykkar ref.: Vår ref.: 2008/1004-3802/2009 Telefon: 70 24 62 10  
Klassering: 150

### **Svar på spørsmål frå Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS**

- Eg var til stades i kommunestyret sitt budsjettmøte før jul og var såleis kjent med budsjettet i det vedtaket vart gjort.
- Også vår eining har viktige lovpålagte tenester som skulle vore styrka og såleis kan ein sjølv sagt ønskje seg eit større budsjett. Når det er sagt så må vi for vår del kunne seie at budsjettet var realistisk, dvs at det var mogleg å styre ut frå det.
- Opplevde dette som eit større problem i budsjettet for 2009 enn for 2008.
- Sat i siste delen av budsjettarbeidet og fann naudsynte avklaringar ilag med økonomisjef og repr. for rådmannsteamet. Dette fungerte heilt greitt.
- Opplevde å ha god påverknad i budsjettprosessen.
- Eininga hadde ikkje overskridning.
- Rekneskapsrapportar vart, og blir fortsatt, gått gjennom av einingsleiar og utdelt til fagleiarane. Eventuelle avvik vert fanga opp. Rapportane har vore til god hjelp i økonomistyringa.
- Reglementet er delt ut og eg er kjent med det viktigaste av innhaldet i det.
- Viktig med at det er samsvar mellom ramme og aktivitet. Sjølv opplevde vi ikkje dette som eit stort problem for budsjettåret 2008 men meir for inneverande budsjettår.

Med helsing

Arild Vadseth  
einingsleiar

Til SUNNMØRE KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT IKS

v/ Harald Rogne.

Viser til brev der einingsleiarane skulle svare på nokre spørsmål vedk. rekneskap for 2008.

- Budsjettet for 2008 vart gjort kjent ca. 15.mars 08.
- Budsjettet var ikkje realistisk. Det vart mykje arbeid for å halde seg innanfor rammene, då nedskjeringane ikkje var varsle på førehand.
- For eininga her var alle aktivitetar klarerte.
- Det var stor reduksjon på spes.ped.
- Påverknad: Forslag var sendt inn, men reduksjonen kom likevel.
- Mi eining hadde omrent ingen overskriding, - låg ca kr 18000,- over på eit budsjett på ca. 8 mill.
- Eg klarte så vidt å halde budsjettet takket vere "billige" lærarar som vikarar i 2 lærarstillingar.
- Rekneskapsrapporten kom ein gong pr. månad.
- Rekneskapsrapporten ligg på ePhorte frå 2005. Var ikkje kjent med at den låg der inntil nyleg fordi eg begynte som rektor i 2006.
- Håper desse svara kan vere litt oppklarande.

Jarnes skule, 05.05.09

Britt Nordmo  
rektor ved Jarnes skule i Sykkylven kommune.



"Berit Hanken"  
<berit.hanken@sykkylven.k  
ommune.no>  
05.05.2009 16:24

To <kontrollutvalg@kontrollutvalg.no>  
cc  
bcc  
Subject Vedr.rékneskapsresultat,m.m.Velledalen bhg.

Til Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS  
Ved Harald Rogne

- Budsjettet for 2008 vart gjort kjent for einingane like over nyttår 2008.
  - Meiner at det totale budsjettet ikkje er realistisk, særleg med tanke på lønsutgifter/vikarutgifter og utgifter vedr. den 5.ferieveka.
  - Aktivitetsnivået i barnehagen er innanfor gitte rammer, men rammene er tronge, og vi har ikkje store "slingringssmonn", det er sparing heile året, for å halde oss innanfor budsjetttrammene.
  - Einingane har som regel høgare framlegg til budsjett, enn det vi endar opp med å få til disposisjon.
  - Vi blir fatt med i budsjettprosessen, vi får legge fram ønskjer og behov i våre einingar , men det blir oftast ikkje meir pengar på budsjettet likevel.
  - Budsjettoverskridningane i vår eining gjekk hovudsakeleg på løn, då det i 2008 vart gitt større løft i løn, i tillegg fekk styrarane etterbetalt løn frå 2007. Vi hadde litt overskridning på vikar.
  - Vi har små budsjett, og veit allereie i januar at vi må leve på "sparebluss", så vi er sparsommelege med innkjøp av alle slag, gjennom heile året.
  - Vi mottek rapportar kvartalsvis. Gjorde meg kjend med tala, tok dei til etterrefning, prøvde å ikkje overskride postane. Lønsposten er det vanskeleg for meg å få gjort noko med, dette er også den posten som det er størst overskridning på, elles er det ikkje store overskridinger i vår barnehage.
  - Kjenner til økonomireglementet i kommunen, alle einingar har fått dette.
- 
- Barnehagen i Velledalen er ein liten ein- avdelings barnehage, med 2 tilsette/ 12 barn. Det er såleis vanskeleg å spare på vikarutgifter ved fråvær og sjukdom, då ein person ikkje kan ha ansvaret åleine for inntil 12 barn. Dette er også ein post der det er overskridningar hjå vår barnehage.

Velledalen barnehage, 05.05.2009  
V/styrar  
Berit Elisabeth Hanken



## Svkkylven kommune

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS  
Postboks 7881 Spjelkavik  
6022 ÅLESUND

Unntatt iht.: Offentleglova § 15

Dykkar dato:	Vår dato:	11.05.2009	Saksbeh.:
Dykkar ref.:	Vår ref.:	2008/1004-4007/2009	Telefon:
	Klassering:	150	

### Svar på spørsmål frå Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

- 1 - Budsjettet for einingane vart ikkje gjort kjent på detaljnivå før i april. Då fekk vi tal og styre etter. På rekneskapsrapporten i april, dukka det opp ein post som heitte reserverte tilleggsløyingar. Dette vart sett inn utan at nokon av rektorane hadde vorte informert om dette.
- 2 - Det vart på kommunestyremøte ( budjettmøte) i desember 2007 sagt at skulane sitt driftsnivå skulle vere det same i 2008 som i 2007. Dette vart debatert, og fungerande rådmann sa då frå talarstolen at dette skulle han gå god for. Korleis dette var mulig, klarte ikkje eg å forstå, og heller ikkje andre eg snakka med. Då posten reserverte tilleggsløyingar dukka opp på våren, var det vanskelig å få vite kva som låg bak dette. Det vi høyrdde var at når rådmannen kom att frå sjukmelding, oppdaga han at det var gjort feil, og at dette måtte ordnast opp i. Rektorane forlangte eit møte med administrasjonen, der Flacke møtte, og han hevda framleis at driftsnivået skulle vere det same. Ser det som sjølvsagt at administrasjonen skulle ha kalla oss inn til møte, og ikkje omvendt.
- 3 - Kommunestyret sitt vedtak, men i ein skule dukkar det opp forhold som ein berre må bruke pengar på. Dette vert meldt vidare.
- 4 - Ikkje i utgangspunktet, men so kom reserverte tilleggsløyingar, og då måtte aktiviteten ned.
- 5 - Hadde påverknad fram til budsjettet vart framlagt, etterpå varet det innført reduksjonar utan at vi vart spurt. Og utan at vi veit korleis reduksjonane vart utrekna mellom skulane. Vi burde ha vore informert om dette i januar, og ikkje tilfeldigvis i april / mai, no fekk det ikkje noko verknad før frå sommaren.
- 6 - Årsakene til overskridningane på skule var i hovudsak store vikarutgifter og sviktande sfo-betaling. I tillegg fekk vi inspektørstilling i 2008, utan at det vart kompensert. Rektornønna auka, og det var lagt inn etterbetaling frå 010107. Undervisningstimetalet auka i 2008. Dyrt lønnsoppgjer. Fleire arbeidstakrar over 55 år, og desse skal ha redusert undervisningsplikt. I tillegg fekk vi ein ressurskrevjande elev som måtte ha ein lærar på seg heile tida. Dette vart det meldt frå om til rådmannen, utan at eg fekk svar på det.
- 7 - Oppdaga det første gong i april i samband med rekneskapsrapporten. Det var då vi ba om møte, og vi hadde fleire møte med adm. Flacke hevda framleis at desse nedskjeringane kunne takast utan at det vart konsekvensar for drifta. Hadde ikkje noko system for å melde overskridinga i eiga eining, men eg gjorde det med eit brev til rådmannen, jmf. pnkt.6
- 8- Ein gong pr. mnd frå april. Såg at det ikkje holdt, og justerte timetalet nedover.
- 9 - Ja
- 10 - Synst det har vore vanskelig å få ein god dialog med administrasjonen som styrer med det økonomiske, gir diffuse og uklare tilbakemeldingar til meg som rektor. Eg har ikkje pengar på kontoen for vikarar. Flacke sei at det berre er å bruke vikarar, for kommunen går samla sett med pluss når dei ser på vikarutgifter / refusjonar. Dette er til lite hjelp for meg dei åra eg kjem negativt ut på denne posten. Då er det eg som står som ansvarleg.





